



Noregs miljø- og  
biovitenskapelige  
universitet

**Masteroppgåve 2019 30 stp**

Fakultet for realfag og teknologi

# **Styrkerelaterte eigenskapar til to trelimsystem ved ulike temperaturar – eit metodestudie ved bruk av dynamisk mekanisk analyse (DMA)**

Strength-related properties of two wood adhesive  
systems at different temperatures  
– a methodological study using dynamic mechanical  
analysis (DMA)

Johan Olav Røsvik Synnes

Byggjeknikk og arkitektur



## Føreord

Arbeidet med denne masteroppgåva starta hausten 2018 ved fakultet for realfag og teknologi (REALTEK) på Noregs miljø- og biovitkskaplege universitet (NMBU) på Ås i Akershus. Masteroppgåva er den avsluttande delen av masterstudiet i byggjeteknikk og arkitektur.

Gjennom oppgåva har eg opparbeida meg både kunnskap og interesse for eit tidsrelevant tema som limtrekonstruksjonar, der termisk analyse av ulike limtypar ved bruk av DMA har vore i fokus. Det har vore både kjekt, utfordrande og lærerikt å få prøve seg som forskar på laboratoriet ved avdeling for treteknologi hjå NIBIO på Ås. Det å få gjere noko praktisk ved sida av all lesinga og skrivinga, har vore eit høgdepunkt i denne masterperioden.

Eg vil rette ein stor takk til Andreas Treu (forskar ved avdeling for treteknologi hjå NIBIO, Ås) som har vore ekstern vegleiar i denne masteroppgåva, og som har brukt mykje av si tid til vegleiing og ikkje minst gjennomlesing av denne oppgåva. Her har eg fått god hjelp og støtte til alt frå produksjon av prøveobjekt, opplæring i bruk av utstyr og fagleg vegleiing gjennom heile perioden. Dette har vore til stor hjelp og motivasjon heile vegen.

Takk til NIBIO for lån av material, utstyr, DMA og arbeidsplass, og for stor interesse for denne oppgåva frå start til slutt. Takk til Erik Larnøy (avdelingsleiar ved avdeling for treteknologi hjå NIBIO, Ås) for god hjelp og innføring i oppstartsfasen av denne oppgåva. Eg vil også takke Thor-Erik Vatne Alstad (avdelingsingeniør ved avdeling for treteknologi hjå NIBIO, Ås) for god hjelp til produksjon av prøveobjekta som har vorte brukt i denne oppgåva.

Eg vil vidare rette ein stor takk til hovudvegleiar Tormod Aurlien, professor ved fakultet for REALTEK, Bygg og miljø, ved NMBU på Ås. Det var Tormod som først kom med ideen til denne oppgåva, som vidare i samarbeid med NIBIO utvikla seg til denne oppgåva. Takk for god fagleg vegleiing, positiv innstilling, oppmuntring og gode samtalar gjennom alle fasar i denne perioden. Det har vore veldig trygt og godt å ha ein hovudvegleiar som heiør på meg som masterstudent og nybakt småbarnsfar!

Takk til Anette (kona) for enormt tolmod, støtte og dagleg oppmuntring gjennom denne perioden som ferske foreldre, der eg for det meste har vore på skulen. Eg vil også takke familie og venar for hjelp og støtte.

Denne oppgåva har i tillegg til å ha gjeve meg stort fagleg utbyte, lært meg mykje om meg sjølv og mi arbeidsevne. Alle erfaringar frå denne perioden veit eg vil vere til nytte når eg no skal vidare ut i arbeidslivet.

Ås, 15. mars 2019

---

Johan Olav Røsvik Synnes



## **Samandrag**

Bruken av limtre og krysslimt tre i byggebransjen har auka betydeleg i seinare tid. Dette har opna opp for nye konstruksjonsmogleheter, mykje på grunn av treet si høge styrke i forhold til eigenvekt. Det byggjast stadig lengre spenn og høgare konstruksjonar, og Noreg har i dag fleire verdsleiande byggjeprosjekt i limtre og krysslimt tre.

Samstundes som bruken av limtre og krysslimt tre aukar, aukar også viktigheita av å kunne analysere og kontrollere eigenskapane til desse konstruksjonane ved ulike temperaturar. Forsking viser at dei styrkerelaterte eigenskapane til materialet vil variere ved ulike temperaturar. Det er derfor naudsynt å ha god innsikt i både treet og limet sine termiske eigenskapar for å kunne føreseie korleis konstruksjonen vil reagere i ein brannsituasjon.

I denne oppgåva har det største fokuset vore på limet som vert brukt i dagens limtrekonstruksjonar. Det har vorte utført målingar for å kunne analysere dei termiske eigenskapane til dei to limtypane melamin-urea-formaldehyd (MUF) og polyuretan (PUR) ved bruk av dynamisk mekanisk analyse (DMA) ved NIBIO på Ås. Gjennom metodeutvikling ved tre ulike metodar, vart det funne ein som gjer det mogleg å analysere dei viskoelastiske og termiske eigenskapane til limet mellom to overlappskomponentar av gran. Metode 3 var den mest eigna av dei tre metodane, og resultata frå denne er derfor vekta høgst i konklusjonen i denne oppgåva. Det har vorte prøvd ut to ulike overlapp på 3 millimeter og 5 millimeter. Her har resultata vist at materialstivheita aukar med auka limareal.

Prøveobjekt har vorte produsert og påført dynamiske pulserande krefter i DMA. Desse kretene har resultert i skjerspenningar i limfuga i prøveobjektet, som vidare har gjeve resultat og faktorar som har gjeve grunnlag for å kunne analysere styrkeeigenskapar og skilnadar i dei to limtypane på eit detaljert nivå mellom 30 °C og 240 °C.

Resultat frå målingane i denne oppgåva har vist at MUF-limet som er brukt her er betydeleg meir termisk stabilt enn PUR-limet. MUF beheldt store delar av si stivheit gjennom det valte temperaturområdet, medan stivheita til PUR vart sterkt redusert. Årsaka til desse skilnadane vert i oppgåva anteke å vere eit resultat av at MUF har høgare grad av sterk tverrbinding i molekylstrukturen enn PUR.

Forsking har vist til liknande resultat ved testing av MUF- og PUR-lim. Ved standard branntesting av limtre viser resultata at PUR-lim smeltar og gir stor grad av delaminering og auka forkolingshastighet, medan MUF-lim ikkje smeltar og gir liten til ingen grad av delaminering. Sjølvsløkking er også erfart ved bruk av MUF-lim.

Samla viser resultat frå målingar og forskingslitteratur at val av lim har betydning for kor lenge limtrekonstruksjonar kan tilfredsstille påkravd bereevne og stabilitet i ein brannsituasjon (R-tid). Denne tida bør verte kortare enn vanleg innbrenningstid tilseier som følgje av at limet smeltar.

## Abstract

The use of glued laminated timber (glulam) and cross-laminated timber (CLT) in the construction industry has increased significantly over the last years. This has resulted in new opportunities for construction, largely because of the high strength of wood compared to its weight. The spans are getting longer and the heights of constructions are getting higher. Today, Norway has some of the world-leading construction projects in glulam and CLT.

While the use of glulam and cross-laminated timber increases, the importance of knowledge about how to analyse and control the properties of these constructions at different temperatures increases as well. Research shows that the strength-related properties of the material will vary at different temperatures. Therefore it is essential to have knowledge about the thermal properties of both the wood and adhesive, in order to predict how the construction will react in a fire situation.

The biggest focus for this thesis is on the adhesive that is used in today's glulam constructions. Measurements have been made to analyse the thermal properties of the two adhesive systems melamine-urea-formaldehyde (MUF) and polyurethane (PUR) using dynamic mechanical analysis (DMA) at NIBIO at Ås. Through methodological study with three different methods, it was found one that makes it possible to analyze the viscoelastic and thermal properties of the glue between two overlap components of spruce. The third method turned out to be the most suitable of the three methods, and the results from this method are therefore weighted the most in the conclusions of this thesis. Two different overlaps of 3 millimeters and 5 millimeters have been tried out. The results have shown that the stiffness of the material increases with increasing adhesive area.

Samples have been produced and applied to dynamic oscillating forces in the DMA. These have resulted in shear stresses in the adhesive layer of the samples, which gave results that can be used to analyze the strength-related properties and differences in the two adhesive systems in detail between 30 °C and 240 °C.

The results have shown that the used MUF adhesive is considerably more thermally stable than the PUR adhesive. MUF retained much of its stiffness through the selected temperature range, while the stiffness of PUR was greatly reduced. The reason for these differences is assumed to be a result of the fact that MUF has a higher degree of strong cross-linking in the molecular structure than PUR.

Research has shown similar results for MUF and PUR adhesives. In standard fire tests of glulam, the results show that PUR melts and gives a high degree of delamination and increased charring rate, while MUF does not melt and give little or no degree of delamination. Self extinguishing has also been experienced for glulam with MUF.

The overall results show that the choice of adhesive is important for how long glulam can obtain the required carrying ability and stability in a fire situation. This should be shorter than the normal charring rate estimates due to the melting of adhesives.

# Innhaldsliste

Føreord .....	i
Samandrag .....	iii
Abstract .....	iv
Tabelloversikt .....	vii
Figuroversikt .....	viii
Symbol og forkortinger .....	x
1 Innleiing .....	1
1.1 Bakgrunn .....	1
1.2 Problemstilling .....	2
1.3 Avgrensing .....	2
2 Teori .....	3
2.1 Tre .....	3
2.1.1 Eigenskapar og oppbygging .....	3
2.1.2 Termiske eigenskapar .....	5
2.1.3 Limtre .....	5
2.2 Lim .....	7
2.2.1 Polymerar .....	7
2.2.2 Lim i berande trekonstruksjonar .....	12
2.3 Dynamisk mekanisk analyse (DMA) .....	15
2.3.1 Prinsipp ved måling med DMA .....	15
2.3.2 Polymeranalyse ved bruk av DMA .....	17
2.3.3 Analyse av limte treprøver i enkel overlapp .....	18
2.4 Branneigenskapar til limtre .....	20
2.4.1 Bereevne og stabilitet til berande konstruksjonar ved brann (R-tid) .....	22
3 Material og metode .....	23
3.1 Material .....	23
3.1.1 Tre .....	23
3.1.2 Lim .....	23
3.1.3 Utstyr .....	24
3.2 Metode .....	26
3.2.1 Produksjon av prøveobjekt .....	26
3.2.2 Avgrensingar .....	28
3.2.3 Testoppsett og testprosedyre .....	28
3.2.4 Innhenting og behandling av resultat .....	30

3.2.5 Metode 1 .....	31
3.2.6 Metode 2 .....	32
3.2.7 Metode 3 .....	32
3.2.8 Usikkerheit.....	33
4 Resultat.....	34
4.1 Metode 1 .....	34
4.2 Metode 2 .....	41
4.3 Metode 3 .....	47
5 Drøfting.....	56
5.1 Metodeutvikling .....	56
5.1.1 Måling i DMA.....	56
5.1.2 Produksjon av prøveobjekt.....	59
5.2 Termisk stabilitet .....	60
5.2.1 Metode 1 .....	60
5.2.2 Metode 2 .....	62
5.2.3 Metode 3 .....	63
5.3 Praktisk betydning av resultat.....	66
6 Konklusjon .....	67
7 Vidare arbeid .....	69
8 Referanseliste .....	71
9 Vedlegg.....	75
9.1 Metode 1 .....	75
9.2 Metode 2 .....	84
9.3 Metode 3 .....	89

# Tabelloversikt

Tabell 1: Klimaklasser frå Eurokode 5. [17] .....	6
Tabell 2: Testoppsett for tøyingsmodus, metode 1 .....	32
Tabell 3: Testoppsett for kraftmodus, metode 2 .....	32
Tabell 4: Testoppsett for kraftmodus, metode 3 .....	33
Tabell 5: Gjennomsnittleg lagringsmodul og standardavvik per limtype og overlapp ved utvalde målepunkt.....	75
Tabell 6: Gjennomsnittlege verdiar for tan $\delta$ og standardavvik per limtype og overlapp ved utvalde målepunkt.....	75
Tabell 7: Gjennomsnittleg tapsmodul og standardavvik per limtype og overlapp ved utvalde målepunkt.....	76
Tabell 8: Gjennomsnittleg påført kraft på prøveobjekt og standardavvik per limtype og overlapp ved utvalde målepunkt.....	76
Tabell 9: Gjennomsnittleg skjerspenning og standardavvik per limtype og overlapp ved utvalde målepunkt.....	77
Tabell 10: Gjennomsnittleg påført tøyng på prøveobjekt og standardavvik per limtype og overlapp ved utvalde målepunkt .....	77
Tabell 11: Gjennomsnittleg forlenging/krymping og standardavvik per limtype og overlapp ved kvart målepunkt.....	78
Tabell 12: Fullstendig datatabell med alle målingar og faktorar i metode 1 .....	79
Tabell 13: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for lagringsmodul, $E'$ , og tapsfaktor, tan $\delta$ , for MUF med 3 millimeter overlapp.....	84
Tabell 14: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for tapsmodul, $E''$ , for MUF med 3 millimeter overlapp.....	84
Tabell 15: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for påført kraft på prøveobjekt, $F$ , for MUF med 3 millimeter overlapp. ....	85
Tabell 16: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for påført skjerspenning, $\tau$ , på prøveobjekt for MUF med 3 millimeter overlapp.....	85
Tabell 17: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for påført tøyng på prøveobjekt, $A_s'$ , for MUF med 3 millimeter overlapp. ....	86
Tabell 18: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for forlenging/krymping av prøveobjekt for MUF med 3 millimeter overlapp.....	86
Tabell 19: Fullstendig datatabell med alle målingar og faktorar i metode 2 .....	87
Tabell 20: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for lagringsmodul, $E'$ , for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp.....	89
Tabell 21: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for tapsfaktor, tan $\delta$ , for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp.....	89
Tabell 22: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for tapsmodul, $E''$ , for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp.....	90
Tabell 23: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for påført kraft på prøveobjekt, $F$ , for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp.....	90
Tabell 24: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for skjerspenning, $\tau$ , på prøveobjekt for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp.....	91

Tabell 25: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for påført tøying av prøveobjekt, As', for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp.....	91
Tabell 26: Gjennomsnittlege verdiar og standardavvik for forlenging/krymping av prøveobjekt, dL, for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp.....	92
Tabell 27: Fullstendig databbell med alle målingar og faktorar i metode 3 .....	93

## Figuroversikt

Figur 1: Oppbygging av gran og andre bartre [10] .....	4
Figur 2: (A) - Krymping i ulike retningar i gran og andre bartre. (B) – Krumming som resultat av ulik radiell og tangentiel krymping. [10].....	4
Figur 3: Standard limtre av gran. [15] .....	5
Figur 4: Adhesjon og kohesjon i limfuge. [18] .....	7
Figur 5: Organisk molekylkjede til polyuretan og melaminformaldehyd. [18] .....	7
Figur 6: Primære og sekundære bindingar i polymerar. [18] .....	8
Figur 7: Molekylstruktur for termoplast og herdeplast. [18] .....	9
Figur 8: Amorf og krystallinsk molekylstruktur i polymer. [18].....	9
Figur 9: E-modul for amorf polymer ved aukande temperatur. [18] .....	11
Figur 10: E-modul for delkrystallinsk polymer ved aukande temperaturar. [18].....	11
Figur 11: E-modul for herdeplast med tett tverrbindingssstruktur. [18].....	12
Figur 12: E-modul for herdeplast med open tverrbindingssstruktur. [18] .....	12
Figur 13: (A) 100% elastisk oppførsel ved DMA. (B) 100% viskøs oppførsel ved DMA. [37].....	15
Figur 14: Viskoelastisk oppførsel ved DMA. [37].....	16
Figur 15: Forklaring på E' og E''. [24] .....	16
Figur 16: Forhold mellom tan $\delta$ , lagringsmodul E', tapsmodul E'' og kompleks modul E*. [24] .....	17
Figur 17: Viskoelastiske eigenskapar som funksjon av temperatur for ein ideell amorf termoplastisk polymer. [38].....	18
Figur 18: Skrellkrefter dominerer over skjerkrefter på endane ved analyse av enkel overlapp. [41] ..	19
Figur 19: Standard modell for måling av strekkskjerstyrke på langs. [42] .....	19
Figur 20: Termisk påverknad på mekaniske eigenskapar til tre, stål og aluminium ved standardisert brann. [14] .....	20
Figur 21: Forkoling av tre ved brann. [14] .....	21
Figur 22: DMA 242 E Artemis frå produsenten Netzsch [47]. .....	24
Figur 23: Festemekanisme for måling av strekk [47]. .....	24
Figur 24: Vinkel på årringar på skiver som vart høvla ut.....	26
Figur 25: To ulike overlapp per limtype. .....	27
Figur 26: (A) – Valt symmetrisk overlappskonstruksjon av prøveobjekt. (B) – Tradisjonell enkel overlappskonstruksjon.....	27
Figur 27: Produksjon av prøveobjekt. .....	28
Figur 28: Prinsippet for korleis DMA påfører krefter på prøveobjekt. [49] .....	29
Figur 29: Strekking og trykking av prøveobjekt gir skjerkrefter i limfuga. .....	29
Figur 30: Prøveobjekt etter fullført måling og demontering.....	29
Figur 31: Tolking av figur for statistisk signifikans. [50] .....	31
Figur 32: Utvendig kryssingsvinkel og statistisk signifikans. [51] .....	31

Figur 33: Gjennomsnittleg lagringsmodul saman med tapsfaktor ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter.....	35
Figur 34: Gjennomsnittleg tapsmodul ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter.....	36
Figur 35: Gjennomsnittleg påført kraft på prøveobjekt ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter overlapp. ....	37
Figur 36: Gjennomsnittleg påført skjerspenning ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter.....	38
Figur 37: Gjennomsnittleg påført tøyng ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter.....	39
Figur 38: Gjennomsnittleg forlenging/krymping av prøveobjekt. Figuren illustrerer standardavvik for begge limtypar og overlapp. ....	40
Figur 39: Gjennomsnittleg lagringsmodul saman med tapsfaktor ved temperaturauke for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet. ....	41
Figur 40: Gjennomsnittleg tapsmodul, $E''$ , ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.....	42
Figur 41: Gjennomsnittleg påført kraft på prøveobjekt ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet. ....	43
Figur 42: Gjennomsnittleg påført skjerspenning, $\tau$ , på prøveobjekt ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet. ....	44
Figur 43: Gjennomsnittleg påført tøyng på prøveobjekt, $As'$ , ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet. ....	45
Figur 44: Gjennomsnittleg forlenging/krymping av prøveobjekt ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet. ....	46
Figur 45: Gjennomsnittleg lagringsmodul saman med tapsfaktor ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.....	48
Figur 46: Statistisk signifikans av $E'$ ved 150 °C. Organisert etter storleik på overlapp. ....	50
Figur 47: Gjennomsnittleg tapsmodul, $E''$ , ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet. ....	51
Figur 48: Gjennomsnittleg påført kraft på prøvobjekt, $F$ , ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet. ....	52
Figur 49: Gjennomsnittleg påført skjerspenning, $\tau$ , på prøveobjekt ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.....	53
Figur 50: Gjennomsnittleg påført tøyng, $As'$ , på prøveobjekt ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.....	54
Figur 51: Gjennomsnittleg forlenging/krymping av prøveobjekt, $dL$ , ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.....	55
Figur 52: Tre-punkts bøyng av prøveobjekt. [47] .....	69
Figur 53: Enkel eller dobbel innfesting av prøveobjekt. [47] .....	70

## Symbol og forkortingar

DMA	Dynamisk mekanisk analyse
TMA	Termisk mekanisk analyse
MUF	Melamin-urea-formaldehyd (limtype)
PUR	Polyuretan (limtype)
$E^*$	Kompleks modul. $E^* = E' + iE''$
$E'$	Lagringsmodul. Viser stivheit til material ved DMA-analyse
$E''$	Tapsmodul. Viser kor mykje svingingsenergi som går tapt til friksjon
Tan $\delta$	Tapsfaktor. Viser kor effektivt eit material gir frå seg energi. Kan brukast til å observere overgangsfasar i material.
$A_s$	Påført tøyning på prøveobjekt i DMA.
$dL$	Forlenging/krymping av prøveobjekt i DMA.
$F$	Påført kraft på prøveobjekt i DMA.
$\tau$	Påført skjerspenning på prøvobjekt i DMA.
Tg	Glasovergangsområde
Tm	Smeltepunkt
R-tid	Påkravd tid for bereevne og stabilitet ved brann og eksplosjon i berande konstruksjonar.

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Bruken av limtre og krysslimt tre i byggebransjen har auka betydeleg i seinare tid. Dette har opna opp for nye konstruksjonsmogleigheter, mykje på grunn av treet si høge styrke i forhold til eigenvekt. Det har også auka fokuset på klima- og miljøutslepp, der tre vert sett på som eit naturleg, fornybart og berekraftig materiale som er venleg mot miljøet. [1]

Det vert stadig bygd lengre spenn og høgare konstruksjonar i tre. I 2013 stod dei to studentblokkene, Krona og Verket, ferdige ved NMBU på Ås. Desse var då dei to høgste bygningane i Noreg i krysslimt tre, med 8 etasjar og passivhusstandard. Dei to bygningane er ein del av studentbustad-området Palisaden [2]. I 2015 fekk Bergen verdas høgste trehus, Treet. Dette er 51 meter høgt, og har 14 etasjar [3]. Våren 2019 blir denne rekorden passert av Mjøstårnet i Brumunddal. Dette er 85,4 meter høgt, og har 18 etasjar [4]. Og i 2020 skal 795 studenthybler av krysslimt tre vere klare ved NMBU på Ås. Dette vert sannsynlegvis det største byggeprosjektet for studentbustadar i krysslimt tre i verda [5].

Samstundes som bruken av limtre og krysslimt tre skyt fart, vert det også stilt fleire spørsmål rundt sikkerheita i slike konstruksjonar. Ei naturleg bekymring knytt til dette er brannmotstand. Tre er kjend for å vere eit brennbart materiale, og limet som brukast i produksjonen er også eit omtala tema med tanke på termiske eigenskapar ulike limtypar har.

Nokre limtreprodusentar har i seinare tid starta produksjon ved bruk av limet melamin-urea-formaldehyd (MUF). Dette vert sagt å ikkje skulle smelte ved brann. Limet er også godt likt på grunn av dei lyse og lite synlege limfugene det gir. Limtreproduksjonen ved bruk av MUF er ein kostbar og tidkrevjande prosess.

Andre produsentar av limtre produserer ved bruk av polyuretan-lim (PUR). Også dette er godt likt på grunn av dei fargelause limfugene det gir. For PUR-lim vert det spesielt stilt spørsmål ved dei termiske eigenskapane, då det har vist seg å smelte relativt tidleg ved brann.

Med bakgrunn i dette er det derfor naudsnt å ha god innsikt i både treet og limet sine eigenskapar ved branndimensjonering, slik at sikkerheit i slike bygningar alltid kan vere høgt prioritert og oppretthalda. Meir kunnskap om korleis styrkerelaterte eigenskapar varierer ved ulike temperaturar både for tre og lim, kan resultere i betre grunnlag for å kunne føresee moglege utfal ved ulike brannsituasjonar der bereevne, stabilitet og temperatur er avgjerande faktorar.

## 1.2 Problemstilling

Kva for parametrar og metodar kan brukast til å analysere termiske eigenskapar til MUF- og PUR-lim ved bruk av dynamisk mekanisk analyse (DMA)? Kan dette gi resultat som kan føreseie tid for bereevne og stabilitet ved brann i ein limtrekonstruksjon? Bør R-tida ved brann verte kortare enn vanleg innbrenningstid tilseier som følgje av at limet smeltar i ein limtrekonstruksjon?

## 1.3 Avgrensing

I forsøka i denne oppgåva er fokuset retta mot MUF-lim og PUR-lim sine viskoelastiske og termiske eigenskapar i overlappskonstruksjon med gran ved temperaturar mellom 30 °C og 240 °C. Alle prøveobjekt som har vorte testa i laboratoriet ved DMA har først blitt tørka til tilnærma 0 % fukt. Dette for å kunne sjå bort frå påverknaden frå sjølve trematerialet i prøveobjekta.

Konklusjonar er nært knytt til metodane som er brukt i denne oppgåva. Som forklart seinare, er det fleire måtar å analysere slike eigenskapar til lim på, men med bakgrunn i kva utstyr som har vore tilgjengeleg, vart DMA sett på som det beste og mest interessante alternativet.

Vidare er det forsøkt å kople eigne resultat til kva desse kan bety i praksis, ved å samanlikne dei med resultat frå tidlegare forsking som har branntesta trekonstruksjonar som inneheld MUF- og PUR-lim.

## 2 Teori

### 2.1 Tre

#### 2.1.1 Eigenskapar og oppbygging

Tre har vore eit kjært byggemateriale i Noreg og store delar av verda i fleire generasjonar.

Ein sentral eigenskap som blir meir og meir fokusert på er at det er eit miljøvennleg materiale. Ein av grunnane til dette er at tre er eit fornybart materiale, og at produksjonen av dette har liten påverknad på miljøet samanlikna med andre material. Dette føreset sjølvsgagt at treet og skogen vert forvalta på ein berekraftig og sertifisert måte. [1], [6]


Tre gir også betre innemiljø. Noko av dette ligg både i den dempende påverkinga treet har på akustikken i rommet, og kjensla treet gir i form av komfort og kvalitet. I tillegg er det kjend at treet kan utjamne døgnvariasjon i temperatur og relativ luftfuktigkeit. [7]

Ein sentral eigenskap er også evna treet har til å redusere utslepp av CO<sub>2</sub> til atmosfæra. Ved fotosyntese samlar og lagrar skogen CO<sub>2</sub>, som vidare vert med i treprodukta. I sum av at det i tillegg trengs lite fossil energi i produksjonen av trematerial, er CO<sub>2</sub> effekten positiv samanlikna med andre byggjematerial. [1], [7]

Det er også positivt at det er enkelt å gjenvinne og bruke om igjen trematerial. Det kan brytast ned til andre produkt som for eksempel fiberplater og sponplater, men også brukast om igjen i nye produkt. Gjenvinning i form av CO<sub>2</sub>-nøytral bioenergi er også eit alternativ. [7]


Alle treslag har ulik oppbygging og har ulike eigenskapar. Bruksområdet til materialet vil derfor ligge til grunn for val av treslag. Gran er eit mykje brukt treslag i byggebransjen. Dette er eit naturleg og organisk materiale med høg styrke i forhold til vekt og densitet. Den låge densiteten fører mellom anna til at gran er lett å tørke utan at det dannar seg sprekker. Andre sentrale fordelar er at gran er enkel å behandle og lime. Dette medfører store fordelar når gran vert brukt som byggjematerial i for eksempel krysslimt tre eller i limtre. [8]

Anatomisk sett er gran bygd opp av 95 % fiber. Desse vert også kalla trakeidar, og er lange celler som kan bli opptil 6 millimeter. Dette er av dei lengste fibra som finst i naturen, noko som gjer gran til eit ettertrakta treslag på grunn av den gode evna desse har til å gi stivheit til materialet og frakte næringsstoff gjennom stammen. Etter kvart som treet veks, vert det danna meir lignin i celleveggane, som vidare fører til auka stivheit i trematerialet. Stivheita kjem i hovudsak frå dei tjukke celleveggane i sommarveden, medan dei tynne celleveggane i vårveden står for transporten av væske (sjå Figur 1). Dei horisontale margstrålane sin funksjon er å transportere næring innover i tverrsnittet. [9], [8]



Figur 1: Oppbygging av gran og andre bartre [10]

Ein annan grunn til at gran er godt likt i byggebransjen, er eigenskapane den har ved krymping. Krympinga i gran er låg samanlikna med andre treslag. Figur 2 (A) illustrerer krymping i prosent i dei ulike retningane ved tørking frå fibermettingspunktet rundt 30 % til tørt tre på 0 % fukt. Den inkluderar også eit eksempel for tørking frå 22 % til 12 % fuktigkeit, der tangentiell krymping er 2,6 %. Dette er eit mål på dimensjonsendringa når likevektsfuktigheita endrar seg med 1 % i treet. Krympinga er størst i tangentiell retning med årringane med rundt 8 %. Radiell krymping på tvers av åringane er på rundt 4 %, medan aksiel krymping i fiberretning er på rundt 0,3 %. Denne forskjellen i krymping fører vidare til at treprodukt som er henta ut i ytre del av tretverrsnittet vil krumme seg ved tørking. I Figur 2 (B) er det tydeleg at rette årringar gir minst krumming. [10], [8]



Figur 2: (A) - Krymping i ulike retningar i gran og andre bartre. (B) – Krumming som resultat av ulik radiell og tangentiel krymping. [10]

Det er fleire gode grunnar til at tre bør tørkast før bruk. Denne prosessen påverkar eigenskapane til sluttproduktet på fleire måtar. Grad av krymping og svelling vert redusert, styrkeeigenskapane aukar, det vert betre limingsforhold og treproduktet vert lettare. I tillegg aukar motstandsevna mot sopp og liknande. [11], [12]

### 2.1.2 Termiske eigenskapar

Ved aukande temperaturar i treverk, kjem det fleire faktorar inn i biletet. Krymping og svelling er ofte dei mest avgjerande faktorane ved termisk påverknad i gran. Vidare er varmeleiingsevna til gran avhengig av mellom anna densitet, grad av kvist og tennar, anatomisk retning på treproduktet og fuktigkeit. Dess høgare fuktigkeit er, dess høgare er varmeleiingsevna. For eksempel ved 20 % fukt og densitet på  $500 \text{ kg/m}^3$ , har både gran og furu ei varmeleiingsevne på  $0,12 \text{ W/mK}$  på tvers av fibra. Høge temperaturar vil i tillegg føre til mørkare farge. [8], [11]

### 2.1.3 Limtre

Limtre kan defineraast som ein «*berande komponent der tverrsnittet er bygd opp av minst fire lamellar med tilnærma parallel fiberretning, som ved hjelp av lim har full statisk samvirke*» [13]. Lamellane vert plukka ut etter ynskja styrkeeigenskapar, noko som gjer det enkelt å tilpasse kvart limtreelement etter behov. Vidare vert dei limt saman under trykk. Med limtre kan ein oppnå betre styrkeeigenskapar og stivheit samanlikna med andre material i same dimensjon. Dette kjem som tidlegare nemnt av høg styrke i forhold til eigenvekt. I lengderetning kan lamellane fingerskøyta til ynskja lengde. Tjukkleiken på lamellane skal vere mellom 6 millimeter og 45 millimeter. Figur 3 illustrerer ein typisk limtrebjelke. I Noreg er lamellane i limtre i hovudsak produsert av gran eller furu. Valet av treslag er ofte påverka av pris, estetikk og behov for impregnering. [14], [13]



Figur 3: Standard limtre av gran. [15]

Limet er ein sentral og viktig komponent i limtre. Dette skal vere eit godkjent konstruksjonslim. Her er limtypane melamin-urea-formaldehyd (MUF) og polyuretan (PUR) mykje brukt. Krava til desse, og fleire limtypar, kjem fram i NS-EN 14080, NS-EN 301 og NS-EN 302. Limtypane vert sortert etter klasse 1 og klasse 2. I klasse 1 er limtypar som kan brukast i alle dei tre klimaklassene. Limtypane melamin-urea-formaldehyd (MUF) og fenol-resorcinol-formaldehyd (PRF) er døme på lim i denne klassa. Limtypane i klasse 2 kan brukast i klimaklasse 1 og klimaklasse 2. Her er ein-komponent polyuretan (PUR) eit døme. [14]

Eurokode 5 (NS-EN 1995-1-1) definerer dei tre klimaklassene som vist i Tabell 1. Bakgrunnen for denne inndelinga i klimaklasser, er at fuktigheita i tre har stor påverknad på dei mekaniske eigenskapane, og må derfor takast omsyn til ved dimensjonering [16].

- Klimaklasse 1 er for berande element i innandørs rom som vanlegvis er oppvarma.
- Klimaklasse 2 er for berande element som vanlegvis ikkje er oppvarma, men ventilerte.
- Klimaklasse 3 er for konstruksjonar som ikkje er beskytta mot regn og vatn.


Tabell 1: Klimaklasser frå Eurokode 5. [17]

Klima-klasse	Relativ luftfuktighet RF	Fuktighetsinnhold for trevirke <sup>a</sup> $\omega$	Eksempler
1	RF < 65 %	$\omega < 12 \%$	bærende elementer innandørs i rom som vanligvis er oppvarmet loftsbjelkelag og bærende takkonstruksjoner i kalde, men luftede loftsrom over rom som vanligvis er oppvarmet yttervegger i bygninger som vanligvis er oppvarmet og som er beskyttet av damp-sperre på varm side og av bl.a. vindsperrer
2	$65 \% \leq RF \leq 85 \%$	$12 \% \leq \omega \leq 20 \%$	bærende elementer i bygninger som vanligvis ikke er oppvarmet, men ventilerte taktro konstruksjoner i friluft, når disse er effektivt beskyttet mot regn og vann.
3	RF > 85 %	$\omega > 20 \%$	konstruksjoner som ikke er beskyttet mot regn og vann. konstruksjoner som er i direkte kontakt med terreng. MERKNAD Bare i unntakstilfeller anses tildekte konstruksjoner å tilhøre klimaklasse 3.

<sup>a</sup> Tilsvarende omrentlig fuktighetsinnhold for konstruksjonsvirke av gran og furu ved 20 °C

## 2.2 Lim

Ein grunnleggende funksjon for lim er at det skal kunne binde saman to eller fleire komponentar og overføre krefter. For å kunne gjere dette er det naudsynt med tett kontakt ved at limet er tilstrekkeleg flytande ved påføring, slik at det jamnar seg ut over det limte arealet og fyllar porene i ulike overflatestrukturar. Vidare må limfuga ha tilstrekkeleg kohesjon og adhesjon (sjå Figur 4). Med kohesjon meinast fastheita til limfuga, medan adhesjon viser til hefteeigenskapane mellom limet og dei limte komponentane. [18]




Figur 4: Adhesjon og kohesjon i limfuge. [18]

### 2.2.1 Polymerar


For å kunne analysere eigenskapane til lim, er det naudsynt å forstå korleis limet er bygd opp. Lim til samanbinding av tre er ofte kategorisert som polymerar. Felles for polymerar er at dei er viskoelastiske. Det vil seie at dei har både dei elastiske eigenskapane til eit fast materiale og dei viskøse eigenskapane til ei flytande væske. Polymerar er bygd opp av monomerar (små molekyl) som har festa seg saman i lange kjeder ved kjemisk reaksjon gjennom polymerisering. Lengdene på kjedene varierer innanfor same polymer. Dei lange molekylkjedene bidreg til auka styrkeeigenskapar i materialet. [18]

I kjemien vert det sagt at stoff som har karbon i molekylskjelettet, er organiske. Molekylkjeder som ikkje har karbon i seg, vert kalla uorganiske. Figur 5 viser eksempel på plastmaterial som har C-, N- og O- atom i molekylskjelettet, og som derfor er organiske. Figuren nemner her polyamid og melaminformaldehyd som relevante eksempel.



Figur 5: Organisk molekylkjede til polyuretan og melaminformaldehyd. [18]

Det er to hovedtypar av bindingar som held materialet saman (sjå Figur 6). Bindingane mellom atoma er primærbindingar, og kallast også kovalente bindingar. Dette er sterke bindingar med høg bindingsenergi. Denne energien er avgjerande for fleire materialeigenskapar som for eksempel smeltepunkt, viskositet, friksjon og løysingsevne. Bindingane mellom molekylkjedene er sekundærbindingar. Desse er svake samanlikna med primærbindingane, og opptrer i form av tiltrekkskrefter mellom molekyla. Her er avstanden mellom molekyla ein avgjerande faktor. For stor avstand fører til svakare binding, medan for liten avstand kan føre til at molekyla støytar kvarandre vakk. Fleire sekundære bindingspunkt fører til høgare styrke og stivheit for materialet. [19], [18]



Figur 6: Primære og sekundære bindingar i polymerar. [18]


Ein viktig faktor som gjer det mogleg å skilje mellom eigenskapane til ulike polymerar, er strukturen til molekyla. Denne kan vere lineær, forgreina, open tverrbunden eller tett tverrbunden (sjå Figur 7). Ut frå molekylstrukturen kan polymerar vidare delast inn i gruppene termoplast, elastomer og herdeplast. Termoplast vert kjenneteikna ved lineære kjedemolekyl som også kan ha forgreiningar. Her vert molekyla haldne saman av sekunderbindingar. Elastomer kan kategoriserast som ein type herdeplast med open nettverksstruktur. I herdeplast er det eit nettverk av tverrbindingar som held molekyla saman i form av primærbindingar. Sidan desse er sterkare enn sekundærbindingar, medfører dette at herdeplast har betydeleg ulike eigenskapar samanlikna med termoplast. [19], [20]

Viktige forskjellar er at herdeplast ikkje kan smelte, er ofte relativt stiv ved temperaturauke og svell lite. Termoplast kan smelte, har varierande reduksjon i stivheit ved temperaturauke og svell ofte meir enn herdeplast. [18]

Lineære kjedemolekyler	Forgrenede kjedemolekyler	Løst tverrbundne og myke kjedemolekyler	Tett tverrbundne kjedemolekyler
Termoplast		Gummi, elastomer	Herdeplast

Figur 7: Molekylstruktur for termoplast og herdeplast. [18]

Vidare vert termoplastiske polymerar delt inn i grupper etter korleis molekylkjedene er orientert i materialet. Her vert det skilja mellom uordna og ordna struktur (sjå Figur 8). Material som har uordna struktur, vert kalla amorf, medan dei med ordna struktur vert kalla krystallinske. Ved amorf struktur, er det få sekundære bindingspunkt mellom molekylkjedene. Ved krystallinsk struktur, ligg molekylkjedene slik at det oppstår fleire sekundære bindingspunkt. Fleire sekundære bindingar fører til at det må større energi til for å bryte dei i form av varme. Dette fører vidare til at både smeltepunktet og stivheita er høgare for ein krystallinsk polymer samanlikna med ein amorf. Polymerar er ofte samansett av både amorse og krystallinske områder. [21]



Figur 8: Amorf og krystallinsk molekylstruktur i polymerer. [18]


## Termiske eigenskapar til polymerar

Ved aukande temperaturar vil polymerar reagere ved at det oppstår svingingar i molekyla. Dette vil etter kvart føre til at materialet utvidar seg ved at avstanden mellom molekyla aukar, og materialet mjuknar. Når temperaturen kjem over eit visst område, kan molekylkjedene rotere om si eiga akse. Her er graden av sekundære bindingar avgjerande ved at desse motverkar rotasjon. Dette temperaturområdet heiter glasovergangsområdet ( $T_g$ ). Under dette temperaturområdet er materialet glasaktig, sprøtt og har høg stivheit (høg E-modul). Når temperaturen kjem over  $T_g$ , men er under smeltetemperaturen,  $T_m$ , er materialet mjukare og meir gummiliknande. Her vert stivheita redusert. Når temperaturen passerer  $T_m$ , vert materialet flytane. Her er stivheita tilnærma lik null. [18], [22]

I amorse polymerar er  $T_g$  den viktigaste overgangfasen. Denne kan også kallast alfa-overgangen,  $T_\alpha$ . I tillegg til  $T_g$ , kan det i amorse polymerar ofte observerast mindre overgangar i form av beta- og gamma-overgangar i temperaturområdet under  $T_g$ . Desse kallast sekundære overgangar, og skuldast ofte små lokale rørsler i molekyla. Desse kan også observerast i delkristallinske polymerar, men då ofte i området rundt både  $T_g$  og  $T_m$ . [23], [24], [22]


Det er store skilnadar mellom termoplast og herdeplast ved påføring av varme. Felles for begge er at styrkeeigenskapane vert redusert ved aukande temperatur, men graden av reduksjon er ulik. Ved temperaturauke, vil termoplast ved eit visst punkt gå frå ein fast til ein mjukare og meir flytande struktur, og materialet vil etter kvart smelte. Dette kjem av at sekundærbindingane mellom molekyla vert brotne. Denne reaksjonen kan reverserast tilbake ved nedkjøling, og det termoplastiske materialet vil då få tilbake strukturen og eigenskapane sine.

Det er naudsynt å skilje mellom amorse og delkristallinske polymerar ved termisk analyse. Figur 9 viser eit typisk eksempel for korleis E-modulen (stivheita) i ein amorf polymer endrar seg ved aukande temperatur. Før glasovergangsområdet,  $T_g$ , er polymeren hard og stiv. Dette er bruksområdet for amorse polymerar. Ved  $T_g$ , reduserast stivheita betydeleg før polymeren går inn i ein mjuk og gummiliknande fase og vidare til flyt. Gummifasen vert også kalla gummiplatået.  $T_g$  markerer her eit viktig punkt på grunn av at stivheita til for eksempel lim etter  $T_g$  er sopass redusert at det ikkje lengre egnar seg til lastberande konstruksjonar som limtre og krysslimt tre. [24], [18]



Figur 9: E-modul for amorf polymer ved aukande temperatur. [18]


For ein delkrystallinsk polymer, vil E-modulen variere som vist i Figur 10 ved aukande temperaturar. Samanlikna med amorf polymerar, vil ikkje  $T_g$  her vere like tydeleg. Den  $T_g$  som er synleg her, er eit resultat av den amorse delen i den delkrystallinske strukturen. Den krystallinske delen reagerer her ved smeltepunktet,  $T_m$ , og har størst betydning. Bruksområde for desse polymerane er ofte mellom  $T_g$  og  $T_m$ .



Figur 10: E-modul for delkrystallinsk polymer ved aukande temperaturar. [18]


Når ein herdeplast vert varma opp, vil tverrbindingane mellom molekyla ved eit visst punkt svikte. I motsetning til termoplast, er ikkje denne reaksjonen reverserbar, og materialet er då øydelagt.

Ved høg grad av tverrbinding i herdeplast, vil det vere vanskeleg å observere eit glasovergangsområde  $T_g$  (sjå Figur 11).  $T_g$  vil i så fall observerast ved relativt høge temperaturar. Forsking viser at auka grad av tverrbinding i eit materiale, aukar temperaturen for  $T_g$  [25]. Her har stivheita ein jamnare og mindre reduksjon samanlikna med termoplast. Slike polymerar er også generelt hardare enn termoplast. Dette kjem også fram i kurva for E-modul som viser at materialet er relativt stift heilt til brot. Herdeplastar toler ofte høgare temperaturar enn termoplastar, mykje på grunn av den primære tette tverrbindingsstrukturen i herdeplast.



Figur 11: E-modul for herdeplast med tett tverrbindingsstruktur. [18]

For elastomere polymerar er tverrbindingsnettverket relativt ope (sjå Figur 12). Dette er eit mjukare materiale enn den tett tverrbundne herdeplasten, og det er tydeleg at stivheita vert betydeleg redusert ved glasovergangsområdet,  $T_g$ , som her er synleg.



Figur 12: E-modul for herdeplast med open tverrbindingsstruktur. [18]

## 2.2.2 Lim i berande trekonstruksjonar

Bruken av lim i trekonstruksjonar har både positive og negative sider. Det positive er at det har vorte mogleg å bruke trekonstruksjonar som limtre og krysslimt tre i prosjekt der det tidlegare måtte brukast andre material som stål og betong. Ei negativ side er at måten lim vert framstilla på, kan ha negativ påverknad på miljøet, der framstillingsprosessane kan vere ressurskrevjande.

Nokre av limtypane har også vist seg å innehalde stoff som kan medføre helseplager. Her er det spesielt formaldehyd som har vore i fokus ved samanlikning av MUF og PUR.

Formaldehyd finnast i MUF-lim, og har vore ein sentral grunn til at enkelte limtreprodusentar vel å bruke PUR framfor MUF. Formaldehyd har det systematiske namnet metanal med kjemisk formel  $\text{CH}_2\text{O}$ . Stoffet er kjend for å ha ei ubehageleg lukt og gir ofte

plager i luftvegar, auge, slimhinner og ved hudkontakt. Det er også fare for at formaldehyd kan øke risikoen for kreft [26], [27]. I dagens moderne limtrekonstruksjonar har fleire produsentar gjort endringar i formuleringa av MUF, og emisjonsnivået av formaldehyd er ofte lågt til moderat. [28], [29]

Norsk Treteknisk Institutt har vore med på å utvikle ei liste over limtypar som er godkjende for bruk i trekonstruksjonar [30]. Her er MUF og PUR inkludert, og begge har vorte testa i samhøve med gjeldande standardar.

Melamin-urea-formaldehyd (MUF) kjem ofte som to-komponent lim, og har i seinare tid vorte brukt både til liming mellom lamellane og i fingerskøyting. MUF er klassifisert som ein polymer i kategorien herdeplast med tett tverrbindingsstruktur [31]. Dette vil seie, som tidlegare forklart, at MUF er ein hard og stiv limtype som ikkje smeltar. Dei to komponentane består av ein MUF-harpiks og ein herdar. Herdaren kan tilsetjast ein type katalysator som gjer at limet herdar ved romtemperatur. Ein viktig eigenskap til denne limen er fargen. MUF har ein lys farge som tek seg godt ut arkitektonisk, og som er lite synleg. [13], [30]

Melamin-formaldehyd (MF) er ein to-komponent limtype med gode tekniske eigenskapar. Melamin er ein økonomisk kostbar ingrediens. Derfor vert delar av melamininnhaldet i melamin-formaldehyd-blandingar (MF) erstatta med urea for å senke kostnadane. Dette har ført til limtypen MUF. Det er dokumentert at MUF har i stor grad dei same teknisk gode eigenskapane som MF. Samanlikna med urea-formaldehyd (UF), har MUF betre fuktmotstand. Denne eigenskapen kjem frå melamin som er lite løyseleg i vatn. [32], [26]

Polyuretan (PUR) kjem som både éin-komponent og to-komponent lim, men det er berre éin-komponent som er testa og godkjend til bruk i limtre [30]. Denne er godt likt mellom anna på grunn av at den gir fargelause limfuger og er enkel å påføre som følgje av at det ikkje trengs tilsetjing av herdar. Den er også fri for formaldehyd, noko fleire produsentar ser på som ein viktig faktor ved val mellom MUF eller PUR. [13], [33], [21]

Produsentar som brukar PUR-lim brukar også framstillingsprosessen for MUF og PUR som argument. Ved framstilling av PUR-lim vert det berre tilsett luft og fukt for å starte herdeprosessen. Dette er mindre energikrevjande og kostbart samanlikna med framstilling av MUF-lim der herdeprosessen krev oppvarming. Produsentar som brukar MUF-lim seier at dagens moderne MUF-lim ikkje treng like høg varme ved framstilling som tidlegare. [28]

PUR er ein limtype som kan tilpassast fleire typar bruk. Det er oppgitt at PUR produserast med eigenskapar både som termoplast og herdeplast [18]. Dette gjer det mogleg å velje om PUR skal brukast som ein termoplastisk lim som er elastisk og fleksibel, eller som ein herdelim som er hard, stiv og har betre termiske eigenskapar.

## Termiske eigenskapar til MUF og PUR

Ein limtrekonstruksjon kan verte utsett for varme på fleire måtar. Det kan vere i form av soloppvarming, brann og liknande. Derfor er det naudsynt at ikkje berre trematerialet toler termiske påkjenningar, men også limet. Det har vorte utført fleire forsøk på termiske eigenskapar til konstruksjonslim i form av MUF-lim og PUR-lim. Metodane for slike testar varierer i stor grad, det same gjeld resultata.

Fleire testar viser at MUF-lim har betre termisk stabilitet enn PUR-lim. MUF held høg stivheit over eit høgare temperaturområde samanlikna med PUR. I branntesting av krysslimt tre er det dokumentert at prøveobjekt som er limt med PUR smeltar og fører til stor grad av delaminering. Her viste MF-lim god termisk stabilitet, og smelta ikkje. Graden av delaminering var svært liten [34], [33], [28]. Her er det viktig å påpeike at fleire testar konkluderer med at faktorar som kjemisk oppbygging av lim, ytre påverkingar, geometrisk oppbygging av prøveobjekt og forsøksmetode er avgjerande for resultata. Testar for PUR viser at tjukkheita til limfuga er avgjerande, og det er konkludert med at det ikkje er anbefalt å ha tjukkare limfuge enn 0,3 millimeter. Dette har bakgrunn i at det i tjukkare limfuger ofte dannar seg bobler ved herdeprosessen som aukar sjansen for svikt ved temperaturauke. [35], [36], [23]

At MUF er meir termisk stabil enn PUR, vert kopla til graden av kovalente tverrbindingar i molekylstrukturen. Grad av tverrbindingar viser seg å vere ein avgjerande faktor ved termisk analyse uavhengig av testmetode [36], [23]. Dette har også støtte frå teori om polymerar tidlegare i dette kapittelet.

Det er no kjend at temperatur har stor påverknad på lim sine eigenskapar, og at det er mange metodar å analysere desse på. Ein mykje brukta metode er å teste limfuger i overlappsprøver. Dette er ein god måte å måle lim sin termiske stabilitet på ved påføring av skjerspenning. I ein test med temperaturar frå 20 °C til 220 °C, viste MUF og PUR varierande skjerkapasitet og termisk stabilitet i overlappsprøver laga av tre. Testen vart utført i ei universal testemaskin av typen Zwick Z100. Prøveobjekta vart varma opp og deretter testa i strekkmodus for å oppnå skjerspenning i limfuga. [32]


Skjerkapasiteten minka ved aukande temperatur for alle limtypane i testen. Ved låge temperaturar var skjerkapasiteten relativt lik, men forskjellane vart større ved aukande temperaturar. Her var det tre ulike typar PUR med ulik kjemisk struktur og frå ulike fabrikantar. Alle var sertifiserte for bruk i trekonstruksjonar etter EN 301 og EN 302. Resultata viste relativt store forskjellar. Éin av PUR-variantane viste seg å ha noko høgare skjerkapasitet enn MUF, medan dei to andre variantane hadde lågare kapasitet. Dette er med på å bekrefte dei store moglegheitene det er for å tilpasse PUR-lim etter føremål og behov. Ein påverkande faktor i forsøket var fuktigheita i treverket. Mellom 70 °C og 150 °C vart det observert at skjerkapasiteten auka. Dette vart konkludert med å vere eit resultat av reduksjon i trefuktigkeit, og at denne faktoren har større påverknad på skjerstyrke enn temperatur. [32]

## 2.3 Dynamisk mekanisk analyse (DMA)

Ein metode for måling av termiske og viskoelastiske eigenskapar til polymerar, er dynamisk mekanisk analyse (DMA). Dette apparatet kjem i fleire modellar og har eit breitt utval av festemekanismar som opnar opp for ulike analysemетодar og modusar.


### 2.3.1 Prinsipp ved måling med DMA

Ved bruk av DMA vil prøveobjekt verte påført ei konstant pulserande, dynamisk kraft, og analysert for korleis det reagerer på denne som funksjon av tid eller temperatur. Krafta vert påført i form av spenning ved sinus-rørsler som vidare resulterer i deformasjon i form av tøyning. Dette kan illustrerast med spennings-tøyingsdiagram. For material som er 100 % elastiske, vil tøyninga respondere i takt med påført kraft, og fasevinkelen ( $\delta$ ) vil vere lik 0 grader (sjå Figur 13 (A)). For material som er 100 % viskøse, vil fasevinkelen ( $\delta$ ) vere lik 90 grader (sjå Figur 13 (B)). For viskoelastiske material vil responsen ver ein stad mellom desse ekstremtilfella, og fasevinkelen vil vere mellom 0 grader og 90 grader (sjå Figur 14). Dette er ein typisk reaksjon for viskoelastiske material ved dynamisk mekanisk analyse. Tøyingskurva heng etter stresskurva og dannar dermed ein fasevinkel ( $\delta$ ). [24]



Figur 13: (A) 100% elastisk oppførsel ved DMA. (B) 100% viskøs oppførsel ved DMA. [37]

For viskoelastiske material, delast spenningskurva inn i to delar der den eine er i fase med tøyninga og den andre er 90 grader ute av fase med tøyninga. Signalet frå delen som er i fase, koplast til den elastiske responsen. Dette resulterer i ein elastisk modul, som også vert kalla lagringsmodul ( $E'$ ). Denne viser stivheita til materialet. Delen som ikkje er i fase med tøyninga, koplast til den viskøse responsen. Dette resulterer i ein tapsmodul ( $E''$ ). Denne gir eit tal på kor mykje av svingingsenergien som vert tapt i form av varme og friksjon i prøveobjekta.




Figur 14: Viskoelastisk oppførsel ved DMA. [37]

Ein måte å forklare kva lagringsmodulen ( $E'$ ) og tapsmodulen ( $E''$ ) er, er å samanlikne det med å sprette ein ball mot eit hardt underlag (sjå Figur 15). Her representerer lagringsmodulen ( $E'$ ) det nivået ballen sprett opp igjen etter å ha vore i bakken. Dette er eit tal på evna materialet har til å lagre energi. Tapsmodulen ( $E''$ ) representerer avstanden mellom startnivået og spretthøgda, og viser dermed kor mykje energi som har gått tapt i form av friksjon og indre rørsler i materialet. [24]


Ein viktig faktor som er mykje brukt til analyse av polymerar, er  $\tan \delta$ . Denne gir forholdet mellom tapsmodulen og lagringsmodulen som vist i formelen under. Ut frå  $\tan \delta$  kan det sjåast kor effektivt eit material gir frå seg energi til friksjon og molekylrørsler. [22]

$$\tan \delta = E''/E'$$



Figur 15: Forklaring på  $E'$  og  $E''$ . [24]

Forholdet mellom  $\tan \delta$ ,  $E'$ ,  $E''$  og  $E^*$  kan illustrerast ved Figur 16.  $E^*$  vert kalla den komplekse modul, og er gjeve ved  $E^* = E' + iE''$ . Dette er eit tal på total spenning på prøveobjekt slått saman av  $E'$  og  $E''$ .




Figur 16: Forhold mellom  $\tan \delta$ , lagringsmodul  $E'$ , tapsmodul  $E''$  og kompleks modul  $E^*$ . [24]

### 2.3.2 Polymeranalyse ved bruk av DMA

Alle faktorane som er nemnt over kan mellom anna brukast til å måle eigenskapane til polymerar i form av viskoelastisitet som funksjon av temperatur. Apparatet er sensitivt og kan registrere små reaksjonar som andre måleinstrument kan ha vanskar med å registrere [35].

Som tidlegare nemnt er glasovergangstemperaturen ( $T_g$ ) ein sentral faktor ved viskoelastisk analyse. For polymerar markerer dette overgangen frå ein hard og stiv tilstand til ein mjukare tilstand der det kan observerast store endringar i styrkeegenskapar. Denne overgangen skjer ikkje ved ein spesifikk temperatur, men over eit visst temperaturområde. Dette på grunn av at polymerane har ulike lengder på molekylkjedene [18].

Ved dynamisk mekanisk analyse av viskoelastiske polymerar som funksjon av temperatur, kan resultata verte vist som i Figur 17. I figuren er forsøket gjort i skjermodus, og modulane er derfor gjeve ved  $G'$  og  $G''$ . I denne oppgåva vil desse vere erstatta med  $E'$  og  $E''$ . Desse vert ofte gjeve i megapascal (MPa). I starten av temperaturområdet vil denne polymeren vere i glasfasen der  $E'$  er høg, og polymeren er elastisk, hard og stiv. Neste fase er glasovergangsområdet som tidlegare omtala. Her vil den idealiserte amorfene polymeren i dømet verte mjukare som følgje av at avstanden mellom molekyla aukar og føre til at molekyla får rom til å røre seg. Dette inneber at polymeren mistar betydeleg mykje av stivheita si. Denne reaksjonen vert observert ved at lagringsmodul ( $E'$ ) stupar.  $E''$  og  $\tan \delta$  viser toppar i dette området. [24]



Figur 17: Viskoelastiske eigenskapar som funksjon av temperatur for ein ideell amorf termoplastisk polymer. [38]


Etter kvart som temperaturen stig, går polymeren inn i gummifasen. Her kan slike termoplastiske polymerar verte plastisk deformerte og få ein gummiliknande konsistens.  $\tan \delta$  og  $E''$  har ofte låge verdiar her. Vidare inn i flytfasen vil denne polymeren byrje å oppføre seg som ei væske og dermed flyte. Her vert stivheita ( $E'$ ) vidare redusert, medan  $\tan \delta$  og  $E''$  aukar.

For tverrbundne herdeplast-polymerar, vil reduksjonen i stivheit vere lågare og  $\tan \delta$  og  $E''$  vil vise rundare toppar som ved aukande grad av tverrbinding vil verte vanskelegare å observere. [23]

### 2.3.3 Analyse av limte treprøver i enkel overlapp


Ein metode for å måle lim sine styrkeeigenskapar i kopling med tre på, er å lage prøveobjekt av to trekomponentar som er limt saman ved overlapp. Ei enkel løysing er å lage ein modell som vist i Figur 18. Denne vert kalla enkel overlapp, og gir god evne til overføring av krefter i limfuga [39].

For måling av skjerkrefter i limfuga, har denne gjennom forsking vist seg å gi meir kompliserte resultat enn tidlegare anteke. Ved påføring av krefter som vist i figuren, vil det ikkje vere reine skjerkrefter som er den dimensjonerande faktoren for brot i limfuga, men skrellkrefter. På grunn av usymmetrisk påføring av krefter, vil det oppstå vriding i prøveobjektet, og kretene vil vere størst i endane av limfuga. Figuren viser at skrellkreftene overgår skjerkreftene heilt ytst på endane. [40]



Figur 18: Skrellkrefter dominerer over skjerkrefter på endane ved analyse av enkel overlapp. [41]


Vidare i denne oppgåva har dette vorte løyst ved å lage ein symmetrisk geometri på prøveobjekta. Dette er forklart i detalj i metodekapittelet ved Figur 25. Modellen er noko ulik det som er brukt i Figur 19 frå NS-EN 302-1:2013 [42] og andre forsøk [32], [39].



Figur 19: Standard modell for måling av strekkskjerstyrke på langs. [42]


## 2.4 Branneigenskapar til limtre

Tre er eit brennbart materiale, men det er opparbeida kunnskap om korleis tre oppfører seg i brann som gjer at vi i dag ser på tre som forutsigbart i ein brannsituasjon. Samanlikna med stål og aluminium, viser tre seg å ofte ha betre termiske eigenskapar ved brann. Figur 20 illustrerer styrkeeigenskapane til tre, stål og aluminium som funksjon av tid og temperatur ved ein standardisert brann. Ein viktig skilnad ved desse materiala er at stål og aluminium ofte vil ha lik temperatur gjennom heile tverrsnittet ved påføring av brann. Her har tre den eigenskapen at det dannar eit forkola ytre lag som har därleg varmeleiingsevne og dermed beskyttar treverket innanfor i ein viss periode. Innanfor det forkola laget vil temperaturen vere tilnærma upåverka av brannen på utsida, og styrkeeigenskapane i ein viss grad bevart fram til vidare forkoling eller delaminering (sjå Figur 21). Dette resulterer i at tre ofte har eit treigare og meir forutsigbart brannforløp samanlikna med stål og aluminium. [43], [14]



Figur 20: Termisk påverknad på mekaniske eigenskapar til tre, stål og aluminium ved standardisert brann. [14]

Prosessen som tre går gjennom ved brann vert kalla pyrolyse. Dette er ei termisk nedbryting av treet sine byggjesteinar, cellulose, hemi-cellulose og lignin. Her blir treet gjort om til antennelege brennbare gassar og kol. Denne prosessen avhenger av treslag med tanke på mellom anna fuktnivå, densitet og permeabilitet. Kvist og variasjonar i treet får større betydning ved høgare temperatur. For gran og furu er det erfart sjølvtenning mellom 350 °C og 400 °C. [28], [14]



Figur 21: Forkoling av tre ved brann. [14]

Forkolingshastigheita gjennom treverket er ein sentral faktor ved branndimensjonering. Denne avgjer kor lenge trekonstruksjonen held seg berande ved brann, og gir dermed grunnlag for å kunne rekne ut kor lenge ein lastberande konstruksjon vil halde seg gjennom eit brannforløp. Verdiar for forkolingshastigheit er gjeve ved EN 1995-1-2, og er standardisert etter treslag og densitet. Dette kan vidare verte brukt til å rekne ut kor stor del av tverrsnittet som vil forkolast ved ei viss branneksposeringstid, og dermed kunne seie kor mykje friskt treverk som er igjen etter brannen. Her er det vanleg å bruke ein metode som ser på effektivt tverrsnitt av bjelken.

For limtre vil branneigenskapane vere ulike samanlikna med heiltre. Forkolingshastigheita vil vere mindre enn det som er gjeve i EN 1995-1-2 på grunn av at treverket i limtre vil vere sortert ut etter kvalitet og dermed vere meir homogent. Vidare har val av lim stor betydning for branneigenskapane til limtre. Det er vanlegvis ikkje lov å bruke termoplastisk lim i limtre på grunn av at dei vil smelte ved brann. Limtypar av herdeplast har, som tidlegare forklart, ulike eigenskapar avhengig av kjemisk oppbygging. Ved mindre grad av tverrbinding vil nokre herdelim gå inn i glasovergangsområdet og mjukne. Dette vil som kjend redusere styrkeegenskapane til limet betydeleg. Konsekvensar ved svekka limfuge i limtre kan vere at brannen får tilgang til friskt treverk, og dermed fører til auka forkolingshastigheit. [14]

I forsking har det vorte avdekkja store forskellar i branneigenskapar mellom MUF-lim og PUR-lim. I branntestar med krysslitm tre har PUR-lim ført til stor grad av delaminering og dermed auka forkolingshastigheita. Delaminering ved bruk av PUR-lim har ved nokre høye vorte registrert rundt 200 °C. For krysslitm tre med MUF-lim har det vore lite eller inga delaminering, og det forkola laget har fungert som brannisolasjon gjennom store delar av testane. Delaminering ved bruk av MUF har vorte registrert rundt 300 °C. Med delaminering meinast her at ytre lamell som er brannpåverka losnar. Dette skjer ofte ved temperaturar rundt 300 °C. [34], [28]

På grunn av at krysslimte treelement ofte har eit større brannekspontert areal enn limtrebjelkar og limtresøyler, må det skiljast mellom limtre og krysslimt tre ved branndimensjonering [44]. I ein 90 minutt lang standard branntest gjennomført av Norske Limtreproduzentars Foreining, Sweco og SP Fire Research kom det fram at limtre kan dimensjonerast til å tolle fullstendig brannforløp og bevare naudsynt bereevne og stabilitet. Her var lamellane limt saman med MUF. Resultatet var at limtrekonstruksjonane slokna av seg sjølv, og forkoltinga stansa når temperaturen vart senka. Det friske treverket innanfor det forkola laget kan dimensjonerast til å bere bygget etter at brannen stoppar, og vidare tilfredsstille krava for brannklasse 3 og 4 i TEK 17. [45]

#### 2.4.1 Bereevne og stabilitet til berande konstruksjonar ved brann (R-tid)

I byggteknisk forskrift (TEK17) vert det stilt krav til bereevne og stabilitet ved brann. I § 11-4(1) står det at «*byggverk skal prosjekterast og utførast slik at byggverket som heilheit, og dei enkelte delane av byggverket, har tilfredsstillande sikkerheit med omsyn til bereevne og stabilitet*». R-tida vert rekna ut ved å først bestemme risikoklasse og brannklasse for den aktuelle konstruksjonen. Risikoklassa veljast ut frå risikoen ein brann har for liv og helse, og tek omsyn til bruksområdet for bygget og føresetnadene for sjølvberging ved brann. Brannklassa veljast ut frå kva konsekvens ein brann har for liv, helse, miljø og samfunnsmessige interesser. Denne tek omsyn til kor mange etasjar det aktuelle bygget har, i tillegg til risikoklasse. Deretter vert R-tid valt ved bruk av aktuell brannklasse. For berande hovudsystem i brannklasse 3, er det krav om R 90, altså at det berande hovudsystemet skal bevare naudsynt stabilitet i 90 minutt slik at redning, røming og sløkking er mogleg. Både for brannklasse 3 og 4, er det krav om at bereevne og stabilitet skal vere bevart gjennom eit fullstendig brannforløp. Dette vil seie frå tenning til brannen har slokna av seg sjølv. [46]

## 3 Material og metode

I material- og metodedelen i denne oppgåva er det utført laboratoriearbeid på avdeling for treteknologi hjå NIBIO på Ås.

Her var målet å undersøkje dei viskoelastiske og termiske eigenskapane til dei to limtypane melamin-urea-formaldehyd (MUF) og polyuretan (PUR) under påføring av dynamiske, pulserande krefter i form av strekk og trykk ved konstant temperaturauke. Dette vil føre til skjerkrefter i limfuga, som også vert analysert i denne oppgåva. Det har også vorte brukt to ulike overlapp, 3 millimeter og 5 millimeter, for å sjå korleis limarealet påverkar resultata innanfor dei to limtypane.

For å kunne måle desse eigenskapane, vart det valt å bruke dynamisk mekanisk analyse (DMA). Prøveobjekt vart produsert og tilpassa til festemekanismen i DMA-en. Det var naudsynt å utvikle ein metode som fungerte for desse prøveobjekta, og som gav resultat som kunne brukast til analyse og samanlikning for dei to limtypane.

Det har vorte gjennomført tre ulike metodar for å prøve å finne ut kva metode som egnar seg best til denne problemstillinga.

### 3.1 Material

#### 3.1.1 Tre

I denne oppgåva er alle prøveobjekta laga av norsk gran, *Picea abies(L.) Karst.* Denne kjem frå Pinaceae-familien, og er eit mykje brukt treslag i byggebransjen. Dette på grunn av høg styrke og stivheit i forhold til densitet [8]. Plank henta frå lagring vert anteke å ha ei likevektsfuktigkeit på rundt 12 % ved relativ fuktigkeit på 65 % og 20 °C. Fuktigheita vart redusert til om lag 0 % før testing i DMA.

#### 3.1.2 Lim

Limtypane som vart brukt til samanføyning er melamin-urea-formaldehyd (MUF) og polyuretan (PUR). MUF er av typen Prefere 4546 (batch: 230042013). Dette er ein to-komponents lim som vart tilsett ein herdar av typen Prefere 5093 (batch: 230042016). Denne inneholder ein katalysator som gjer det mogleg for MUF å herde ved normal romtemperatur. PUR er av typen PUR 6000 (batch: 1170522). Dette er ein ein-komponents lim, og er derfor klar for påføring rett frå flaska utan tilsetjing av herdar. Begge limtypane er henta frå Dynea i Lillestrøm.

### 3.1.3 Utstyr

#### DMA

DMA-apparatet som er brukt under alle forsøka i denne oppgåva er DMA 242 E Artemis frå produsenten Netzsch (sjå Figur 22).



Figur 22: DMA 242 E Artemis frå produsenten Netzsch [47].

#### Festemekanisme for strekktesting

DMA 242 E Artemis kan bruke ei rekke av ulike festemekanismar til fleire testmetodar og føremål. I denne oppgåva har festemekanismen for strekktesting blitt brukt (sjå Figur 23).

Når denne er montert på DMA-en, fungerer den ved at prøveobjektet blir montert som vist i raudt i Figur 23. Nedre klemme er fast, medan øvre klemme bevegar seg vertikalt som innstilt i Proteus Measurement Software.



Figur 23: Festemekanisme for måling av strekk [47].

### **3.1.3.2 Programvare**

#### **Proteus Measurement Software**

Denne programvara blir brukt til å styre DMA-en og hente inn direkte resultat frå målingar som blir utført. Her blir kalibrering av DMA-en starta, og val av testmetode og ønska parametrar blir plotta inn.

Sidan forsøka i denne oppgåva blir utført ved bruk av festemekanismen for måling av strekk, må det her veljast strekk som målemodus. Dette for å informere DMA-en og proteus measurement software om at dette utstyret er montert.

Under strekk som målemodus har det under forsøka blitt brukt to ulike parametrar: tøyning og kraft. Val av kva for parameter ein vil bruke kjem an på kva for parameter ein ynskjer å kontrollere under forsøket.

#### **Proteus evaluation software**

Denne programvara blir brukt til å analysere, samanlikne og behandle resultat frå Proteus Measurement Software. Her kan ein enkelt importere data frå målingar, studere dei og deretter opprette illustrasjonar og datasett som kan eksporterast vidare.

#### **JMP Pro 14**

JMP Pro 14 er eit program brukt til statistisk behandling og analyse av datasett. Dette forenklar prosessen for databehandling og dataanalyse i oppgåva. Figurar i resultat og tabellar i vedlegg er produsert i dette programmet.

#### **Microsoft Excel**

Microsoft Excel vart brukt til å importere og transformere datasetta frå Proteus Evaluation Software slik at JMP Pro 14 skulle kunne importere og lese datasetta.

## 3.2 Metode

### 3.2.1 Produksjon av prøveobjekt

Ved blanding av MUF og herder vart det brukt eit blandingsforhold på 100/20 (lim/herder) som anbefalt av produsenten og NS-EN 301:2017. 10 gram lim og 2 gram herdar vart blanda saman. Dette viste seg å vere rikelege mengder, men samtidig naudsynt for å få blanda tilstrekkeleg. [48]


Frå plank vart det saga ut emne som vidare vart høvla ut til 3 millimeter tjukke skiver. Skivene vart høvla ut i radiell retning frå treemnet for å minimere påverking frå krymping og svelling av prøveobjekta, i og med at krymping av gran er mindre i radiell retning enn i tangentiell retning. Vinkel på årringane på skivene vart høvla ut var omkring 45 grader som vist i Figur 24.



Figur 24: Vinkel på årringar på skiver som vart høvla ut.


Vidare vart det sagd ut prøveobjekt som vist i Figur 25 og Figur 27. Overflatestrukturen til treverket, vart påverka av sagbladet som vart brukt til å skjere ut prøveobjekta. Dette kan klassifiserast som ein relativt grov overflatestruktur i forhold til om overflata hadde vore høvla.

Prøveobjekta vart deretter limt saman på dei sagde overflatene i to ulike overlapp, 3 millimeter og 5 millimeter, med begge limtypane (sjå Figur 25). Både for MUF og PUR vart limet påført på éi av overflatene før andre lamell vart montert på og lagt i klem over natta for herding av limet.



Figur 25: To ulike overlapp per limtype.

Figur 26 (A) viser valt utforming av prøveobjekta. For å kunne få så reine skjerkrefter som mogleg, vart det forsøkt å konstruere prøveobjekta på ein måte som gav symmetri. Føremålet med å konstruere prøvene som vist på figuren, er å redusere påverknaden frå såkalla skrell-krefter, som ville ha opprett i større grad om ein tradisjonell enkel overlapp hadde blitt brukt (sjå Figur 26 (B)).



Figur 26: (A) – Valt symmetrisk overlappskonstruksjon av prøveobjekt. (B) – Tradisjonell enkel overlappskonstruksjon.

Etter herding i om lag 18 timer vart prøveobjekta kappa ut til mindre bitar som vist på figur 27 og lagt i tørkeskap med vakuum og 60 grader celsius over natta. Dette for å få fuktprosenten i trematerialet ned mot 0 %, og dermed kunne sjå bort frå trefuktigheita si påverking på dei viskoelastiske styrkeeigenskapane under vidare testing med dynamisk mekanisk analyse (DMA).

Etter at prøveobjekta hadde stått i tørkeskap, vart dei plassert i ein eksikator med silica-gel på botnen for å halde eit lågt og stabilt fuktnivå.



*Figur 27: Produksjon av prøveobjekt.*

### 3.2.2 Avgrensingar

Ein viktig og avgrensande faktor for dimensjonering av prøveobjekta, var festemekanismen i DMA-apparatet. Etter tilpassing av dimensjonane til innfestinga i strekkmodus, vart storleiken til prøveobjekta bestemt til å vere 3 millimeter tjukke, 6 millimeter breie og 20 millimeter lange.


I tillegg ligg det avgrensingar i kor stor kraft DMA-apparatet kan påføre prøveobjekta. DMA-apparatet som vart brukt hadde ei maksimal påførande kraft på 12 newton. Dette var ein særskilt viktig faktor som sette store avgrensingar i korleis forsøka kunne utførast, sidan dette kanskje ikkje ville vere nok til å køyre prøveobjekta til brot.

### 3.2.3 Testoppsett og testprosedyre

Før kvar måling og før prøveobjektet kan monterast i DMA-en, må det utførast ei kalibrering av systemet. Deretter kan prøveobjektet monterast før vidare kalibrering vert utført.

Eitt og eitt prøveobjekt vart montert i festemekanismen for strekk-modus. I denne modusen vert prøveobjektet klemt fast mellom to plater oppe og nede ved bruk av skruar som vist i Figur 29 (A).


Vidare blir forsøket sett i gang. DMA-en påfører dynamiske krefter ved at den trykkjer og strekk i prøveobjektet i sykliske rørsler. Dette skal som tidlegare nemnt føre til skjerkrefter i limfuga som illustrert i Figur 29 (B). Figur 28 illustrerer prinsippet for korleis DMA-en påfører krefter på prøveobjektet ved at nedre klemme er fast medan øvre klemme går opp og ned. Alle forsøk har blitt utført med minimum 5 gjentak per serie.



Figur 28: Prinsippet for korleis DMA påfører krefter på prøveobjekt. [49]



(A) - Prøveobjekt montert i DMA



(B) - Plassering av skjerkrefter i prøveobjekt

Figur 29: Strekking og trykking av prøveobjekt gir skjerkrefter i limfuga.

Når forsøket er fullført ved rundt 240 °C, startar automatisk nedkjøling av DMA-en og prøveobjektet ned mot romtemperatur. Mellom 25 °C og 30 °C blir nedkjølinga stoppa manuelt, og det ferdig testa prøveobjektet vert demontert frå festemekanismen. Prøveobjekta har då fått mørkare farge, som vist i Figur 30. Vidare vert kalibrering og neste forsøk gjort på same måte.



Figur 30: Prøveobjekt etter fullført måling og demontering.

### 3.2.4 Innhenting og behandling av resultat

Det er dei viskoelastiske og mekaniske eigenskapane som er interessante i denne oppgåva.

Det er derfor interessant å hente ut dei tre resultatfaktorane E', E'' og tan δ. E' er lagringsmodul, E'' er tapsmodul og tan δ er tapsfaktor. Desse faktorane er sentrale i analyse av viskoelastiske eigenskapar til material.

Vidare vart det henta ut resultat for påført tøyning på prøveobjekt, As', og forlenging/krymping av prøveobjekt, dL.

For å kunne finne påført skjerspenning i limfuga på prøveobjekta, var det naudsynt å først finne påført kraft, F, på prøveobjektet. Denne krafta kunne hentast direkte ut frå Proteus evaluation software. Vidare vart formelen under brukt.


$$\tau = \frac{F}{A} \quad \frac{N}{mm^2}$$

På grunn av store datamengder, vart det henta ut eit utval av målepunkt for alle testane. Desse målepunkta var ved 30 °C, 50 °C, 70 °C, 110 °C, 150 °C, 160 °C, 170 °C, 180 °C, 190 °C, 200 °C, 220 °C og 240 °C. Desse vart bestemt ut frå forprøver der det vart observert kor det gjennomsnittleg var mest interessante hendingar i testane.


#### 3.2.4.1 Statistisk analyse

Det vart også utført statistisk analyse av resultata i form av gjennomsnitt, standardavvik og statistisk signifikans. Statistisk signifikans vart kunn funne ved utvalde resultat. Dette vart kunn gjort for resultata frå metode 3. Her vart det valt å sjå på resultat for stivheit, E', ved 150 °C for MUF og PUR med 3 millimeter og 5 millimeter overlapp. Dette vart gjort i JMP gjennom funksjonen «Fit Y by X». For å kunne forstå resultata, er det blant anna naudsynt å studere Figur 31 frå JMP sine heimesider. Denne forklarar at øvre og nedre spiss i diamantane symboliserer eit 95 % konfidensintervall for kvar gruppe. Den midtre linja gjennom diamantane representerer gjennomsnittet av målingane i kvar gruppe. [50], [51]

I **Feil! Fant ikke referansekilden.** i resultatkapittelet er det i tillegg sirklar på sidene av kvar gruppe. Desse fortel om gjennomsnittet for gruppene er signifikant ulike eller ikkje, ved å sjå på den utvendige vinkelen mellom dei to sirklane for kvar type overlapp. Dersom sirklane ikkje er i kontakt med kvarande eller er i kontakt med ein utvendig kryssingsvinkel på mindre enn 90 grader, er resultatet at gruppene er signifikant ulike. Dersom kryssingsvinkelen er meir enn 90 grader, er resultatet at gruppene ikkje er signifikant ulike (sjå Figur 32). [51]



Figur 31: Tolking av figur for statistisk signifikans. [50]



Figur 32: Utvendig kryssingsvinkel og statistisk signifikans. [51]

### 3.2.5 Metode 1

I den første metoden vart det valt å prøve ut ein metode der det var mogleg å kunne styre kor stor den maksimale tøyingen eit prøveobjekt kunne utsettast for. Dette vart gjort ved å velje tøyingsmodus, som er eit av alternativa under strekkmodus i DMA-programmet.

Her vart maksimal tøying bestemt ved å sette maksimal tillaten amplitude til 20 mikrometer ( $\mu\text{m}$ ). Ved å velje dette seier ein til DMA-en at prøveobjektet skal utsettast for tøyning, men ikkje over 20  $\mu\text{m}$ , og så må DMA-en påføre nødvendig kraft for å oppnå denne tøyingen. Her er altså tøyinga den kontrollerte faktoren.

Tabell 2 viser vidare oppsett for metoden. Den dynamiske frekvensen er på 1 Hz, altså éi svining per sekund, og ei oppvarmingshastigkeit på 10 kelvin per minutt (K/min). Dette svarar til 10  $^{\circ}\text{C}/\text{min}$ . Måling av data vart registrert frå rundt 30  $^{\circ}\text{C}$  til 240  $^{\circ}\text{C}$ . Oppvarming frå romtemperatur og opp til starttemperatur hadde ei hastigkeit på 2 K/min.

Tabell 2: Testoppsett for tøyingsmodus, metode 1.

Limtype	Overlapp [mm]	Tretype	Lim/herder	Fuktinhald [%]	Maksimal			Oppvarmingshastigkeit [K/min]
					tøyning [μm]	Svingingar [Hz]		
PUR	3	Gran	-	0	20	1		10
PUR	5	Gran	-	0	20	1		10
MUF	3	Gran	100/20	0	20	1		10
MUF	5	Gran	100/20	0	20	1		10

### 3.2.6 Metode 2

I den andre metoden var det naudsynt å gjere endringar frå metode 1 for å gjere det mogleg å utføre testen. Målet var å kunne køyre alle testar av prøveobjekt opp til 240 °C utan at prøveobjektet sklei ut av festemekanismen i DMA-en og avbraut forsøket med feilmelding.

Det var ynskjeleg å gjere det mogleg å kunne kontrollere kor stor maksimal dynamisk kraft DMA-en kunne påføre prøveobjektet. Dette vart gjort ved å velje kraftmodus, som er eitt av alternativa under strekkmodus i Proteus Measurement Software.

Maksimal dynamisk kraft på prøveobjekt vart sett til 10 newton (sjå Tabell 3). Gjennom dette seier ein til DMA-en at prøveobjektet skal utsettast for ei dynamisk pulserande kraft, men denne dynamiske krafta skal ikkje overstige 10 newton. Her er det med andre ord krafta som er den kontrollerte faktoren. Temperaturområdet for målingane er det same som i metode 1, frå 30 °C til 240 °C.

Tabell 3: Testoppsett for kraftmodus, metode 2.

Limtype	Overlapp [mm]	Tretype	Lim/herder	Fuktinhald [%]	Maksimal			Oppvarmin gshastigkeit [K/min]
					kraft [N]	Svingingar [Hz]		
PUR	3	Gran	-	0	10	1		10
PUR	5	Gran	-	0	10	1		10
MUF	3	Gran	100/20	0	10	1		10
MUF	5	Gran	100/20	0	10	1		10

### 3.2.7 Metode 3

I den tredje metoden vart det valt å fortsette i kraftmodus, men det var ynskjeleg å redusere den maksimale dynamiske krafta som DMA-en kunne påføre prøveobjektet.

Maksimal dynamisk kraft på prøveobjektet vart sett til 5 newton (sjå Tabell 4). Også her, som i metode 2, seier ein til DMA-en at prøveobjektet skal utsettast for ei dynamisk pulserande

kraft, men her er denne maksimale dynamiske krafta sett til 5 newton. Temperaturområdet er også her frå 30 °C til 240 °C.

Prøveobjekta i metode 3 er frå batch 2, altså frå produksjon nummer 2. Her er prøvene laga på tilnærma nøyaktig same måte som i den første produksjonen.

*Tabell 4: Testoppsett for kraftmodus, metode 3.*

Limtype	Overlapp [mm]	Tretype	Lim/herder	Maksimal			
				Fuktinhald [%]	kraft [N]	Svingingar [Hz]	Oppvarmingshastighet [K/min]
PUR	3	Gran	-	0	5	1	10
PUR	5	Gran	-	0	5	1	10
MUF	3	Gran	100/20	0	5	1	10
MUF	5	Gran	100/20	0	5	1	10

### 3.2.8 Usikkerheit

Standardiserte metodar har ikkje vorte følgt under produksjon av prøveelementa. Ved påføring av lim vart det mest truleg påført meir enn datablada frå Dynea har anbefalt. Det overflødige limet vart pressa ut når lamellane vart pressa saman og deretter fjerna.

Samanlikna med profesjonell prosedyre for liming på fabrikk, er det sannsynlegvis store forskjellar.

Det ligg også usikkerheit ved bruk av tre i prøveobjekta med tanke på at tre er eit inhomogent materiale. Dette aukar viktigheten av talet på prøvegjentak som vert utført under forsøka.

I metode 1 og metode 2 er det brukt prøveobjekt frå produksjon nummer 1. I metode 3 er det brukt prøveobjekt frå produksjon nummer 2. Sjølv om produksjonane vart gjort ved bruk av same prosedyre, er det likevel mogleg at det er visse forskjellar mellom dei.

## 4 Resultat

Figurar i dette kapittelet illustrerer gjennomsnittet av resultat henta frå målingar gjort i laboratorium ved bruk av DMA. For tabellar med gjennomsnittlege resultat og fullstendige databellar med alle målingar, vert det vist til vedlegg.

### 4.1 Metode 1

For fullstendig datautskrift med målingar og faktorar som er brukt i denne metoden, sjå Tabell 12 i vedlegg.

#### Lagringsmodul og tapsfaktor

Figur 33 viser ei samanstilling av lagringsmodul,  $E'$ , og tapsfaktor,  $\tan \delta$ , ved temperaturauke. Resultata er sortert etter limtype og storlek på overlapp. Øvre figur viser MUF og PUR med 3 millimeter overlapp, medan nedre figur viser MUF og PUR med 5 millimeter overlapp. Blå linje illustrerer  $E'$ , raud linje illustrerer  $\tan \delta$ . For detaljert tabell, sjå Tabell 5 og Tabell 6 i vedlegg.


Ved 3 millimeter overlapp viser resultata for MUF at stivheita,  $E'$ , minkar ved aukande temperatur frå 959 MPa til 486 MPa, og blir mjukare. Dette er ein reduksjon på 49 %.  $\tan \delta$  aukar mot eit toppunkt i samsvar med reduksjonen av  $E'$ , men viser ikkje eit tydeleg toppunkt i dette temperaturområdet. Mindre forhøgingar i  $\tan \delta$  kan observerast ved 160 °C og 200 °C med verdi 0,13. Standardavviket viser at det er relativt stor spreiing i dei utførte målingane. To av seks prøveobjekt kom opp i 240 °C.

For PUR med 3 millimeter overlapp viser resultata tydeleg samspel mellom  $E'$  og  $\tan \delta$ .  $E'$  minkar frå 492 MPa til 22 MPa, og stupar samtidig som  $\tan \delta$  har eit tydeleg toppunkt ved 160 °C på 0,32.  $E'$  reduserast her med 96 %, som er vesentleg meir enn for MUF med same overlapp.  $E'$  flatar deretter ut medan  $\tan \delta$  minkar. Etter rundt 210 °C minkar  $E'$  ytterlegare og  $\tan \delta$  aukar kraftig. Standardavviket for målingane viser også her relativt store variasjonar i målingane i visse temperaturområder. Samanlikna med MUF mistar PUR vesentleg meir stivheit her. Fem av seks prøveobjekt kom opp i 240 °C.

Ved 5 millimeter overlapp viser resultata for MUF at  $E'$  minkar frå 1254 MPa til 884 MPa, og stupar samtidig som  $\tan \delta$  får eit toppunkt rundt 180 °C på 0,11. Her reduserast  $E'$  med 30 %. Toppunktet er meir tydeleg enn ved MUF med 3 millimeter overlapp. Ingen av prøveobjekta kom opp i 240 °C. Eitt av fem prøveobjekt opp i 220 °C. Standardavviket er stort i øvre temperatursjikt.

For PUR med 5 millimeter overlapp kjem det fram at  $\tan \delta$  stig mot eit toppunkt ved 170 °C på 0,13 medan  $E'$  minkar.  $E'$  minkar her frå 1223 MPa til 741 MPa, som er eit tap i stivheit på 39 %. Dette er eit betydeleg mindre tap enn for PUR med 3 millimeter overlapp. Samanlikna med MUF med 5 millimeter overlapp er tapet i stivheit større her. Her kom ingen av prøveobjekta over 180 °C. To av fem kom opp til 180 °C.

I denne metoden er det observert at startverdien for stivheit,  $E'$ , er relativt ulik for dei to limtypane og overlappa.



Figur 33: Gjennomsnittleg lagringsmodul saman med tapsfaktor ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter.

## Tapsmodul


Figur 34 viser gjennomsnittleg tapsmodul,  $E''$ , samt standardavvik for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 7 i vedlegg.

For MUF med 3 millimeter overlapp er det her eit svakt toppunkt ved 200 °C. Dette toppunktet opptrer samtidig som  $E'$  stupar og får redusert stivheit, og tan  $\delta$  aukar i førre figur. Storleiken på standardavviket varierer, men er størst mellom 150 °C og 200 °C.

PUR med 3 millimeter overlapp viser eit toppunkt rundt 125 °C før nedstiging og utflating. Dette toppunktet er innanfor området der  $E'$  stupar og får redusert stivheit, og tan  $\delta$  har eit toppunkt i førre figur. Samanlikna med MUF med 3 millimeter overlapp opptrer toppunktet for  $E''$  her betydeleg tidlegare.

For MUF med 5 millimeter overlapp viser figuren eit toppunkt for  $E''$  ved 180 °C. Dette er 20 °C før MUF med 3 millimeter overlapp. Også her er det relativt stor sprenging i målingane. Toppunktet for  $E''$  samsvarar med reduksjon av  $E'$  og eit toppunkt i tan  $\delta$ .

PUR med 5 millimeter overlapp er det eit antatt toppunkt ved 170 °C før forsøket stoppar på grunn av feilmelding. Dette ville ha samsvara med reduksjon i  $E'$  og toppunktet i tan  $\delta$ . Toppunktet for  $E''$  opptrer her ved høgare temperatur samanlikna med PUR med 3 millimeter overlapp.



Figur 34: Gjennomsnittleg tapsmodul ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter

## Påført kraft på prøveobjekt


Figur 35 viser gjennomsnittleg påført kraft, F, på prøveobjekt for MUF og PUR ved temperaturauke. Figuren illustrerer og sorterer limtypene MUF og PUR etter storleik på overlapp. For detaljert tabell, sjå Tabell 8 i vedlegg.

Resultata viser her at både MUF og PUR har relativt lik kraft i starten av forsøket ved 30 °C på rundt 10,7 N. Det er likt for alle resultata at påført kraft minkar med aukande temperatur.

MUF med 3 millimeter overlapp viser eit lite utslag, og påført kraft reduserast med 0,6 % i dette temperaturområdet. PUR med same overlapp viser eit stort utslag samanlikna med MUF. Påført kraft reduserast her med 89,1 %.

For MUF med 5 millimeter overlapp vert påført kraft, F, redusert med 0,4 % mellom 30 °C og 240 °C. Dette er ein lågare reduksjon enn for same limtype med 3 millimeter overlapp.

PUR med 5 millimeter overlapp har ein reduksjon i påført kraft på 0,5 %. Dette er betydeleg lågare enn ved 3 millimeter overlapp for same limtype. Samanlikna med MUF med 5 millimeter overlapp er dette relativt likt.



Figur 35: Gjennomsnittleg påført kraft på prøveobjekt ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter overlapp.

## Skjerspenning


Figur 36 viser gjennomsnittleg påført skjerspenning,  $\tau$ , ved temperaturauke for MUF og PUR. Figuren illustrerer og sorterer limtypane MUF og PUR etter storleik på overlapp. Resultata viser at skjerspenninga på prøveobjekta minkar ved aukande temperatur. For detaljert tabell, sjå Tabell 9 i vedlegg.

MUF med 3 millimeter overlapp har gjennomsnittleg skjerspenning på rundt 0,59 MPa ved 30 °C, og viser ein svak konstant reduksjon i skjerstyrke gjennom heile temperaturområdet. Reduksjonen er på 0,7 %.

PUR med 3 millimeter overlapp har det største utslaget i denne kategorien. Her er maksimal skjerspenning målt til 0,59 MPa ved 30 °C og minste skjerspenning 0,06 MPa ved 240 °C. Dette er ein reduksjon på 89,2 %. Det er tydeleg at skjerspenninga reduserast betrakteleg i området rundt toppunktet til tan  $\delta$  ved 160 °C. Dette resultatet er også i takt med påført kraft i førre figur. Standardavviket viser at det er noko stor spreiing i målingane frå 70 °C og oppover.

For MUF med 5 millimeter overlapp er skjerspenninga rundt 0,36 MPa ved 30 °C, og minkar med 0,6 %. Reduksjonen er tilnærma lik som for 3 millimeter overlapp med same limtype.

PUR med 5 millimeter overlapp er tilnærma lik MUF med same overlapp med 0,6 % reduksjon i påført skjerspenning. Denne reduksjonen er svært liten samanlikna med PUR med 3 millimeter overlapp.



Figur 36: Gjennomsnittleg påført skjerspenning ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter.

### Påført tøyning på prøveobjekt


Figur 37 viser gjennomsnittleg påført tøyning,  $As'$ , på prøveobjekt for MUF og PUR ved aukande temperatur. Figuren illustrerer og sorterer limtypene MUF og PUR etter storleik på overlapp. For detaljert tabell, sjå Tabell 10 i vedlegg.

For alle målingane er det ein trend at tøyninga på prøveobjekta aukar ved aukande temperatur. For MUF med 3 millimeter overlapp aukar  $As'$  sakte. Etter 150 °C aukar tøyninga i takt med auke i tan  $\delta$ . Maksimal tøyning er oppnådd ved 240 °C på 9,6 µm.

For PUR med 3 millimeter overlapp er det ei betydeleg auke i tøyning i temperaturområdet rundt toppunktet til tan  $\delta$ . Etter ein liten nedgang stig kurva igjen. Maksimal tøyning er nådd ved 240 °C, der tøyninga er 21,1 µm.

MUF med 5 millimeter overlapp viser både auke og reduksjon av tøyning. Tøyninga varierer i temperaturområdet rundt toppunktet til tan  $\delta$ . Maksimal tøyning er oppnådd ved 180 °C på 4,9 µm.

PUR med 5 millimeter overlapp aukar i takt med auke i tan  $\delta$ , der kurva stig når tan  $\delta$  nærmar seg toppunktet. Her er maksimal tøyning ved 180 °C, der tøyninga er 7,2 µm.




Figur 37: Gjennomsnittleg påført tøyning ved temperaturauke for MUF og PUR, 3 millimeter og 5 millimeter.

### Forlenging/krymping av prøveobjekt

Figur 38 viser gjennomsnittleg forlenging/krymping av prøveobjekt, samt standardavvik for MUF og PUR med 3 millimeter og 5 millimeter overlapp ved temperaturauke. Blå linje illustrerer resultat for MUF. Raud linje illustrerer resultat for PUR. For detaljert tabell, sjå Tabell 11 i vedlegg.

Resultata viser at grad av forlenging og krymping aukar ved aukande temperatur.

Prøveobjekta vert både forlenga og krympa gjennom heile temperaturområdet, men i området før målingane vert avslutta, aukar graden av forlenging betydeleg for både MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Rørslene er størst i temperaturområdet der tan  $\delta$  har eit toppunkt eller aukar.



Figur 38: Gjennomsnittleg forlenging/krymping av prøveobjekt. Figuren illustrerer standardavvik for begge limtypar og overlapp.


## 4.2 Metode 2

For fullstendig datautskrift med målingar og faktorar som er brukt i denne metoden, sjå Tabell 19 i vedlegg.

### Lagringsmodul og tapsfaktor

Figur 39 viser ei gjennomsnittleg samanstilling av lagringsmodul,  $E'$ , og tapsfaktor,  $\tan \delta$ , ved temperaturauke. Blå linje illustrerer  $E'$ , og raud linje illustrerer  $\tan \delta$ . I denne metoden er det berre MUF med 3 millimeter overlapp som har vorte testa. For detaljert tabell, sjå Tabell 13 i vedlegg.

$E'$  til MUF med 3 millimeter overlapp minkar med aukande temperatur frå 932 MPa til 328 MPa. Dette er ein reduksjon på 64,8 %.  $\tan \delta$  aukar mot eit toppunkt ved 190 °C på 0,12. Vidare aukar  $\tan \delta$  betydeleg frå 200 °C og oppover. Standardavviket for målingane er relativt stort mellom 150 °C og 200 °C. I denne metoden kom eitt av fem prøveobjekt seg opp til 240 °C.




Figur 39: Gjennomsnittleg lagringsmodul saman med tapsfaktor ved temperaturauke for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.

## Tapsmodul

Figur 40 viser gjennomsnittleg tapsmodul,  $E''$ , samt standardavvik for MUF med 3 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 14 i vedlegg.

$E''$  aukar mot eit svakt toppunkt på 87,2 MPa ved 190 °C før det vidare aukar betydeleg til målinga vart avslutta rundt 240 °C. Toppunktet er i same temperaturområdet som der tan  $\delta$  har ein topp og  $E'$  minkar.




Figur 40: Gjennomsnittleg tapsmodul,  $E''$ , ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.

### Påført kraft på prøveobjekt

Figur 41 viser gjennomsnittleg påført kraft på prøveobjekt, F, samt standardavvik for MUF med 3 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 15 i vedlegg.

Resultatet viser at påført kraft ved 30 °C er 9,9 N, og minkar med aukande temperatur.

Reduksjonen er på 1,1 % og har størst reduksjon i temperaturområdet over toppunktet i tan δ.




Figur 41: Gjennomsnittleg påført kraft på prøveobjekt ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for hele temperaturområdet.

### Påført skjerspenning

Figur 42 viser gjennomsnittleg påført skjerspenning,  $\tau$ , samt standardavvik for MUF med 3 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 16 i vedlegg.

Resultata viser at skjerspenninga ved 30 °C er på 0,55 MPa, og minkar med aukande temperatur. Reduksjonen i dette temperaturområdet er på 1,1 %. Frå 200 °C og oppover reduserast skjerspenninga betydeleg i takt med at tan  $\delta$  aukar kraftig og  $E'$  minkar.




Figur 42: Gjennomsnittleg påført skjerspenning,  $\tau$ , på prøveobjekt ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for hele temperaturområdet.

### Påført tøying på prøveobjekt

Figur 43 viser gjennomsnittleg tøying av prøveobjekt, As', samt standardavvik for MUF med 3 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 17 i vedlegg.

Resultatet viser at tøying av prøveobjektet aukar betydeleg frå 200 °C og oppover. Det er i same temperaturområde som tan  $\delta$  aukar kraftig og  $E'$  minkar.




Figur 43: Gjennomsnittleg påført tøying på prøveobjekt, As', ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for hele temperaturområdet.

## Forlenging/krymping av prøveobjekt

Figur 44 viser gjennomsnittleg forlenging/krymping av prøveobjekt,  $dL$ , samt standardavvik for MUF med 3 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 18 i vedlegg.

Resultata viser at prøveobjekta vert utsett for både forlenging og krymping gjennom målingane. I temperaturområdet rundt 200 °C aukar graden av forlenging betydeleg. Dette er i same område som tan  $\delta$  aukar,  $E'$  minkar,  $E''$  aukar, påført kraft minkar, skjerspenning minkar og tøyning aukar.



Figur 44: Gjennomsnittleg forlenging/krymping av prøveobjekt ved aukande temperatur for MUF med 3 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for hele temperaturområdet.

### 4.3 Metode 3

For fullstendig datautskrift med målingar og faktorar som er brukt i denne metoden, sjå Tabell 27 i vedlegg.

#### Lagringsmodul og tapsfaktor

Figur 45 viser ei samanstilling av lagringsmodul,  $E'$ , og tapsfaktor,  $\tan \delta$ , ved temperaturauke. Resultata er sortert etter limtype og storlek på overlapp. Øvre figur viser MUF og PUR med 3 millimeter overlapp, medan nedre figur viser MUF og PUR med 5 millimeter overlapp. Blå linje illustrerer  $E'$ , raud linje illustrerer  $\tan \delta$ . For detaljert tabell, sjå Tabell 20 og Tabell 21 i vedlegg.



Resultata viser at for MUF med 3 millimeter overlapp, minkar stivheita,  $E'$ , frå 1246 MPa til 827 MPa med aukande temperatur. Dette er ein reduksjon på 33,6 %.  $\tan \delta$  viser ikkje eit tydeleg toppunkt i dette temperaturområdet, men viser ein liten topp ved 150 °C på 0,11 i samsvar med reduksjonen av  $E'$ . Her kom fem av fem prøveobjekt opp i 240 °C.

For PUR med 3 millimeter overlapp viser  $\tan \delta$  ein relativt tydeleg topp ved 180 °C på 0,15 som samsvarar med reduksjonen i  $E'$ . Dette er 30 °C over der MUF hadde ein liten topp i  $\tan \delta$  med same overlapp.  $E'$  minkar frå 1150 MPa til 62 MPa, noko som er ein reduksjon på om lag 95 %. Dette er ein betydeleg større stivheitsreduksjon enn for MUF med same overlapp. Frå 220 °C og oppover aukar  $\tan \delta$  kraftig, og stivheita minkar ytterlegare. Her kom fem av fem prøveobjekt opp til 240 °C.

Resultata for MUF med 5 millimeter overlapp viser at  $E'$  minkar frå 1506 MPa til 977 MPa, og har dermed ein reduksjon i stivheit på 35 % over dette temperaturområdet. Samanlikna med 3 millimeter overlapp for same limtype, er startstivheita noko høgare, men reduksjonen i stivheit er relativt lik.  $\tan \delta$  har heller ikkje her eit tydeleg toppunkt, men viser ein liten topp ved 150 °C på 0,07. Dette er relativt likt som for MUF med 3 millimeter overlapp. Her kom seks av seks prøveobjekt opp til 240 °C.

PUR med 5 millimeter overlapp viser eit relativt tydeleg toppunkt i  $\tan \delta$  på 0,15 ved 190 °C. Dette er same verdi som for 3 millimeter overlapp med same limtype, men ved 10 °C høgare. Samanlikna med MUF med same overlapp, er toppen i  $\tan \delta$  her 40 °C over. Stivheita,  $E'$ , minkar her frå 1453 MPa til 140 MPa, som er ein reduksjon på 90,4 %. Startstivheita er her større enn ved 3 millimeter overlapp av same limtype, og reduksjonen noko mindre. Samanlikna med MUF med 5 millimeter overlapp, er reduksjonen i stivheit betydeleg større over dette temperaturområdet. Her kom seks av seks prøveobjekt opp til 240 °C.

I denne metoden er det observert at startstivheita ved 30 °C er relativt lik for dei to limtypane og overlappa.



Figur 45: Gjennomsnittlig lagringsmodul saman med tapsfaktor ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.


Figur 46 illustrerer statistisk signifikans for lagringsmodulen, E', ved 150 °C for MUF og PUR. Øvre del illustrerer prøveobjekta med 3 millimeter overlapp. Nedste del illustrerer prøveobjekta med 5 millimeter overlapp.

Diamantformene illustrerer i dette tilfellet gjennomsnittet og konfidensintervallet for målingane. Sirklane indikerer at gjennomsnitta til limtypane er statistisk signifikante ved at dei ikkje er i kontakt med kvarandre.


Resultata for 3 millimeter overlapp viser at stivheita, E', er større for MUF enn for PUR ved 150 °C. Konfidensintervallet på 95 % viser at p-verdien her er lik 0,0001, og dermed signifikant.

Også i resultata for 5 millimeter overlapp er stivheita, E', større for MUF enn for PUR ved 150 °C. Her er p-verdien mindre enn 0,0001, og dermed signifikant med eit konfidensintervall på 95 % og signifikansnivå på 5 %.

### Overlap [mm] = 3



### Overlap [mm] = 5



Figur 46: Statistisk signifikans av  $E'$  ved  $150\text{ }^{\circ}\text{C}$ . Organisert etter storlek på overlapp.

## Tapsmodul


Figur 47 viser gjennomsnittleg tapsmodul,  $E''$ , samt standardavvik for MUF og PUR med 3 millimeter og 5 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 22 i vedlegg.

Her viser resultata at MUF med 3 millimeter overlapp har eit svakt toppunkt ved  $150\text{ }^{\circ}\text{C}$  før  $E''$  minkar. Dette samsvarar med temperaturområdet der tan  $\delta$  har eit svakt toppunkt og  $E'$  minkar.

PUR med 3 millimeter overlapp har ein tydelegare topp ved  $150\text{ }^{\circ}\text{C}$  som også samsvarar med området der toppunktet til tan  $\delta$  er og  $E'$  minkar kraftig. Samanlikna med MUF med same overlapp er dette toppunktet mykje tydelegare.

MUF med 5 millimeter viser her eit noko tydelegare toppunkt enn ved 3 millimeter overlapp. Toppunktet er ved  $150\text{ }^{\circ}\text{C}$  der også toppunktet til tan  $\delta$  er. Dette er også ved same temperatur som MUF med 3 millimeter overlapp har eit svakt toppunkt.

For PUR med 5 millimeter overlapp er det eit relativt tydeleg toppunkt ved  $150\text{ }^{\circ}\text{C}$ . Dette er noko under toppunktet for tan  $\delta$  for dette tilfellet, men innanfor temperaturområdet kor  $E'$  minkar. Samanlikna med 3 millimeter overlapp for same limtype, er dette ved same temperatur.



Figur 47: Gjennomsnittleg tapsmodul,  $E''$ , ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.

### Påført kraft på prøveobjekt


Figur 48 viser gjennomsnittleg påført kraft på prøveobjekt,  $F$ , samt standardavvik for MUF og PUR med 3 millimeter og 5 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 23 i vedlegg.

Resultata viser her at MUF og PUR har lik startkraft ved  $30^{\circ}\text{C}$  på rundt 4,94 N. Det er likt for alle resultata at påført kraft minkar med aukande temperatur.

MUF med 3 millimeter overlapp viser her lite utslag, og påført kraft vert redusert med 0,3 % i dette temperaturområdet. PUR med same overlapp viser eit større utslag samanlikna med MUF. Påført kraft reduserast her med 8,7 %.

For MUF med 5 millimeter overlapp vert påført kraft,  $F$ , redusert med 0,3 % mellom  $30^{\circ}\text{C}$  og  $240^{\circ}\text{C}$ . Dette er same reduksjon som for same limtype med 3 millimeter overlapp.

PUR med 5 millimeter overlapp har ein reduksjon i påført kraft på 4,1 %. Dette er betydeleg lågare enn ved 3 millimeter overlapp for same limtype. Samanlikna med MUF med 5 millimeter overlapp er dette ein betydeleg større reduksjon.



Figur 48: Gjennomsnittleg påført kraft på prøvobjekt,  $F$ , ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.

### Påført skjerspenning


Figur 49 viser gjennomsnittleg skjerspenning,  $\tau$ , samt standardavvik for MUF og PUR med 3 millimeter og 5 millimeter overlapp ved temperaturauke. Resultata viser at skjerspenninga på prøveobjekta minkar ved aukande temperatur. For detaljert tabell, sjå Tabell 24 i vedlegg.

MUF med 3 millimeter overlapp har gjennomsnittleg skjerspenning på rundt 0,27 MPa ved 30 °C, og viser ein svak konstant reduksjon i skjerstyrke gjennom heile temperaturområdet. Reduksjonen er på 0,4 %.

PUR med 3 millimeter overlapp har her maksimal skjerspenning på 0,27 MPa ved 30 °C og minste skjerspenning 0,25 MPa ved 240 °C. Dette er ein reduksjon på 8,4 %. Det er tydeleg at skjerspenninga har stort reduksjon i området etter toppunktet til tan  $\delta$  ved 180 °C. Dette resultatet er også i takt med påført kraft i førra figur. Samanlikna med MUF med same overlapp, er dette ein betydeleg større reduksjon.

For MUF med 5 millimeter overlapp er skjerspenninga rundt 0,16 MPa ved 30 °C, og minkar med 0,6 %. Denne reduksjonen er tilnærma lik som for 3 millimeter overlapp med same limtype.

PUR med 5 millimeter overlapp har her ein reduksjon på 4,2 % i påført skjerspenning. Dette er halvparten så stor reduksjon som for PUR med 3 millimeter overlapp. Samanlikna med MUF med 5 millimeter overlapp er dette ein betydeleg større reduksjon.



Figur 49: Gjennomsnittleg påført skjerspenning,  $\tau$ , på prøveobjekt ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.

### Påført tøyning på prøveobjekt


Figur 50 gjennomsnittleg tøyning av prøveobjekt, As', samt standardavvik for MUF og PUR med 3 millimeter og 5 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 25 i vedlegg.

Resultata viser at tøyning av prøveobjekta aukar ved aukande temperatur. For MUF med 3 millimeter overlapp aukar As' sakte. Maksimal tøyning er ved 240 °C på 2,6 µm.

For PUR med 3 millimeter overlapp er det ei betydeleg større auke i tøyning samanlikna med MUF med same overlapp. I temperaturområdet rundt toppunktet til tan  $\delta$  er det stort auke. Maksimal tøyning er nådd ved 240 °C, der tøyninga er 29,3 µm.

MUF med 5 millimeter overlapp viser her liten påverknad til stigande temperatur. Maksimal tøyning er oppnådd ved 240 °C på 2,3 µm. Dette er relativt likt som for MUF med 3 millimeter overlapp.

PUR med 5 millimeter overlapp aukar i takt med auke i tan  $\delta$ , der kurva stig når tan  $\delta$  nærmar seg toppunktet. Her er maksimal tøyning ved 240 °C på 14,3 µm.




Figur 50: Gjennomsnittleg påført tøyning, As', på prøveobjekt ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for hele temperaturområdet.

## Forlenging/krymping av prøveobjekt

Figur 51 viser gjennomsnittleg forlenging/krymping av prøveobjekt,  $dL$ , samt standardavvik for MUF og PUR med 3 millimeter og 5 millimeter overlapp ved temperaturauke. For detaljert tabell, sjå Tabell 26 i vedlegg.

Resultata viser forlenging og krymping aukar ved aukande temperatur. Prøveobjekta vert både forlenga og krympa gjennom dette temperaturområdet, men for PUR aukar forlenginga i temperaturområdet der tan  $\delta$  har eit toppunkt og  $E'$  minkar. MUF viser ikkje store utslag i desse tilfella. MUF krympar og flatar deretter ut mot slutten av forsøka både ved 3 millimeter og 5 millimeter overlapp.



Figur 51: Gjennomsnittleg forlenging/krymping av prøveobjekt,  $dL$ , ved temperaturauke for MUF og PUR med 3 og 5 millimeter overlapp. Figuren illustrerer standardavvik for heile temperaturområdet.

# 5 Drøfting

## 5.1 Metodeutvikling

Ein sentral del av arbeidet på laboratoriet har vore å finne ein metode som gjer det mogleg å måle dei viskoelastiske og styrkerelaterte eigenskapane til limet ved ulike temperaturar i prøveobjekta bruk i denne oppgåva.

### 5.1.1 Måling i DMA

Metodeutviklinga i denne oppgåva har basert seg på bruk av dynamisk mekanisk analyse (DMA). Dette er kjend som ein av dei mest nøyaktige måtane å finne glasovergangstemperaturar i polymerar på, på grunn av at apparatet er svært sensitivt og gjer det mogleg å påføre kraft og temperatur samtidig. [47], [52]

Det kunne også vorte brukt andre metodar for dette. Termisk mekanisk analyse (TMA) er eit av alternativa her. Denne brukar i staden for dynamisk kraftpåføring, statisk kraftpåføring til å måle Tg. Her vert utvidinga av polymeren analysert av ein følar under oppvarming ved bruk av ein termisk ekspansjonskoeffisient som vil vise ei kurveendring ved eventuell Tg. Denne metoden er ikkje ideell til analyse av Tg for sterkt amorfe polymerar, på grunn av at materialet vert så mjukt at følaren går gjennom. [52]

Differensiell skannekalorimetri er også ein måte å måle glasovergangstemperatur i polymerar på. Her vert prøveobjekt påført varmestraumar og deretter samanlikna med eit tilsvarende prøveobjekt som har vore gjennom same påkjenning. Resultata frå dette vert brukt til å observere glasovergangsområdet i polymeren. Denne metoden er ofte ikkje sensitiv nok til å kunne analysere Tg for herdepolymerar med høg grad av tverrbinding. [52]

Av desse metodane er det anteke at DMA er eit godt val i denne oppgåva, med tanke på sensitivitet og allsidigkeit for termisk analyse av ulike typar polymerar.

### Metode 1

Forsøka i metode 1 var sterkt prega av feilmeldingar under fleire av målingane. Feilmeldinga sa «DMA hardware reset occurred!». Dette kan omsetjast til «det oppstod ei tilbakestilling av DMA-maskinvare!». Dette indikerer at det er nokre av dei valte innstillingane og parametrane som ikkje er optimale i denne metoden. I tillegg viste metoden seg å gi svært varierande resultat frå målingane ut frå illustrasjonar og framstillingar av standardavvik.

På grunn av at det ved fleire høve var svært få målingar som kom opp i det øvste temperaturområdet, er det for nokre av prøveobjekta eit usikkert grunnlag for å analysere og trekke sikre konklusjonar frå resultata i dette temperaturområdet. Stor spreiing i målingar var også ein viktig faktor til dette. Dette gjer at tolking av samla resultat får denne metoden er diskutable.

Frå resultata frå metode 1 kjem det fram at for prøveobjekta med 5 millimeter overlapp, vart PUR avbrote ved omtrent 180 °C. Berre to av fem prøveobjekt kom opp til denne

temperaturen. MUF vart avbrote ved omtrent 220 °C. Berre eitt av fem prøveobjekt kom opp til denne temperaturen.

For prøveobjekta med 3 millimeter overlapp kom PUR opp til 240 °C med fem av seks prøveobjekt. MUF kom også opp til 240 °C, men berre med to av seks prøveobjekt.

Det var interessant å spekulere i kva som var årsaka til at denne feilmeldinga stadig kom opp og avbraut målingane. Ved studering av prøveobjekta, var det ikkje nokre synlege teikn til sprekker etter gjennomført testing i DMA-en, men dei hadde som forventa endra farge etter varmepåkjenninga. Det var også små trykkspor i endane der festemekanismen hadde klemt på prøveobjekta, men det var heller ikkje her teikn til vidare sprekkdanningar ut frå desse.

Ein mogleg teori er at skruane som strammar festemekanismen i DMA-en ikkje har vorte stramma hardt nok ved montering av prøveobjekt. Det er også mogleg at skruane har vore tilstrekkeleg stramma ved montering når prøveobjektet har hatt romtemperatur, men at prøveobjektet underveis i testen har krympa enten av trykket vinkelrett på trefibrane (i radiell flate) frå festemekanismen eller av temperaturen det har blitt utsett for. Det er kjent at tre krympar ved uttørking og sveller ved auka fuktigkeit. Den påførte temperaturen kan derfor i dette tilfellet ha ført til uttørking av trematerialet i prøveobjekta og resultert i krymping. Dette kan også forklare kvifor nokre av skruane sat noko svakare ved demontering enn ved montering av prøveobjekta. Dersom det er tilfelle at prøveobjekta har krympa underveis i testen, vil dette sannsynlegvis ha ført til at prøveobjekta har glidd i festemekanismen, men sidan prøveobjekta her var tørka ned mot 0 % trefuktigkeit før testing, er det ikkje forventa store utslag som følgje av uttørking underveis i målingane.

Med tanke på at prøveobjekta skal ha ein fuktprosent på tilnærma lik null etter tørking, rettar dette vidare fokuset på tørkeprosessen prøveobjekta var gjennom i tørkeskapet før testing. Her er moglege feilkjelder at temperaturen på 60 °C ikkje har vore tilstrekkeleg høg. Det er også mogleg at vakuumet ikkje har vore tilstrekkeleg høgt. Tida i tørkeskapet er også ei mogleg feilkjelde. Dette er faktorar som kan ha spelt ei rolle for dei endelege resultata, men med bakgrunn i at vakuumtørking med temperaturar under 75 °C er ein mykje brukta tørkemetode i treindustrien, er det anteke at temperatur og vakuum har hatt tilstrekkelege verdiar her [12], [11]. Tida i tørkeskapet er også anteke å vere tilstrekkeleg. Prøvene stod der i underkant av eit døgn, noko som er anteke tilstrekkeleg med tanke på dei små dimensjonane til prøveobjekta brukta i denne oppgåva.

Vidare rettar det også fokuset på eksikatoren prøveobjekta låg i dagane etter tørkeprosessen i tørkeskapet og fram til testing. Ei feilkjelde her kan vere at dersom loket på denne ikkje har vore tetta tilstrekkeleg, kan det ha ført til at prøveobjekta har teke opp fuktigkeit frå omgjevnadane. Dersom dette er tilfelle, er det sannsynlegvis snakk om for lite fuktigkeit til å kunne ha påverka forsøka i stor grad. Ved høgt fukttopptak ville det ha vorte observert ei stor auke i stivheit ( $E'$ ) etter 100 °C. Det har ikkje vorte observert i nokon av dei tre metodane, og det er derfor anteke at opphaldet i eksikatoren ikkje har hatt nokon betydeleg påverknad på stivheita til prøveobjekta.

I Figur 38 og Tabell 11 kjem det fram at prøveobjekta har krympa og deretter utvida seg relativt mykje i tidspunktet før feilmelding og resulterande avbryting av testen. Sidan ingen av prøveobjekta hadde skader etter demontering, kan dette vere ei forklaring på kva som har forårsaka feilmeldinga.

Det vart sendt ein e-post til Netzscht, som er produsenten av DMA 242 E Artemis. Netzscht meinte at det ut frå dataloggen såg ut til at prøveobjektet har utvida seg for raskt i tidspunktet når feilmeldinga kom, og at DMA-en ikkje har greidd å reagere raskt nok på desse plutselige endringane.

Vidare spekulerte Netzscht i kva som kunne vere grunnen til dette. Dei meinte det kunne vere at prøveobjektet har blitt skada under testing, prøveobjektet har vore for elastisk, eller at prøveobjektet har glidd i festemekanismen.

Av desse tre vert det siste alternativet sett på som mest sannsynleg. Dette styrkar også den tidlegare teorien om at feilmeldinga kjem av at prøveobjekta glir i festemekanismen. Sidan det ikkje var mogleg å stramme skruane hardare under montering av prøveobjekta i festemekanismen, var det derfor naudsynt å endre metoden for testing. Ein teori var at den påførte krafta på prøveobjektet var for stor, og at ein reduksjon av denne krafta ville hindre at prøveobjektet glei i festemekanismen. I Figur 37 og Tabell 10 kjem det også fram at PUR med 3 millimeter var den einaste som kom opp mot den bestemte tøyninga på 20 µm. Totalt sett ført dette til konklusjonen om at metode 1 ikkje var mogleg å bruke i dette tilfellet, og at påførte krefter var for store til at metoden kunne gi tilfredsstillende resultat.

For målingane kjem det fram at tøyninga, As', på prøveobjekta aukar ved aukande temperatur. Det er interessant å sjå at det i området rundt toppunktet til tan δ oppstår ei raskare auking i As' for PUR og MUF med 3 millimeter overlapp (sjå Figur 37 og Tabell 10). For PUR aukar tøyninga ytterlegare på slutten av målinga. Denne aukinga i As' etter toppunktet i tan δ kan sannsynlegvis forklarast ved at limet her går inn i det sokalla gummiplatået, og at det her går over i ein mjuk og gummi-liknande fase på veg mot ein flytande fase. Dette kan sannsynlegvis i dette tilfellet føre til at limfuga har lettare for å sleppe taket mellom trelamellane og dermed føre til auka deformasjon av prøveobjektet.

## Metode 2

I metode 2 vart det prøvd ut endringar med omsyn til problema som oppstod i metode 1. Her vart det som tidlegare nemnt gjort endringar for å finne ein metode som kunne gjere det mogleg å køyre alle prøveobjekt opp til 240 °C utan stop som følgje av bruk av feil parametrar ved oppsett av metoden. Med bakgrunn i drøfting tidlegare i dette kapittelet angåande feilmeldingar frå metode 1, var det her ynskjeleg å kunne kontrollere den påførte krafta på prøveobjektet ved å endre målemodus frå tøyning til kraft.

I Figur 41 og Tabell 15 viser resultata at påført kraft på prøveobjekt kom opp mot 10 newton. Dette er i same område som for påført kraft i metode 1. Grunnen til dette var at det

var ynskjeleg å sjå om resultata vart like som for tilsvarende tilfelle i metode 1. Dette for å få ein indikasjon på om denne målemodusen var brukbar eller ikkje for dette tilfellet.

Tøyninga på prøveobjekta viser seg å heller ikkje her kome opp mot 20 µm (sjå Figur 43 og Tabell 17). Det er også her observert ei auke i As' i området rundt toppunktet i tan  $\delta$  på 190 °C på 6,3 µm. Tøyninga aukar betrakteleg igjen etter ein liten reduksjon, og kan tolkast som inngangen til gummi-platået og vidare flyteområde som forklart i metode 1.

MUF med 3 millimeter overlapp var det einaste som vart prøvd med denne metoden på grunn av at det også her vart påverkingar frå feilmeldingar. Det var den same feilmeldinga som i metode 1, og årsaka vert anteke å vere lik. Altså at påført kraft på prøveobjekta har vore for stor. Figur 44 og Tabell 18 bekreftar dette når det vert vist at det oppstår auke i forlenging av prøveobjekta i temperaturområdet før avbryting. Her var det berre eitt av fem prøveobjekt som kom opp til 240 °C, så det var naudsynt å endre metoden for måling. Det var ynskjeleg å undersøke om ein reduksjon i påført kraft kunne føre til at feilmeldinga forsvann.

### Metode 3

I metode 3 gjekk alle målingane gjennom heile måleprosessen frå 30 °C til 240 °C utan avbryting og feilmelding. Ut frå dette vart det konkludert med at endringane som vart gjort frå erfaringar i metode 1 og metode 2 fungerte godt, og at teoriar om moglege grunnar til feilmeldinga sannsynlegvis var korrekte.

Ein annan konsekvens av endringane gjort i denne metoden er at målingane viser seg å få eit betydeleg lågare standardavvik samanlikna med i metode 1 og metode 2. Dette fører til eit betre grunnlag for statistisk analyse og tydelegare resultat.

I denne metoden vart maksimal påført kraft på prøveobjektet endra frå 10 newton i metode 2 til 5 newton. Dette vert vist i Figur 48 og Tabell 23. Det er her mogleg å sjå at PUR reagerer sterkare enn MUF ved temperaturauke uavhengig av storleik på limareal.

Ein interessant observasjon i metodeutviklinga var at det i metode 3 var relativt lik stivheit for MUF og PUR ved same overlapp. I metode 1 var forskjellen betydeleg større. Ei sannsynleg feilkjelde her kan vere at spreininga i målingane også var betydeleg større i metode 1 samanlikna med i metode 3.

#### 5.1.2 Produksjon av prøveobjekt

Metoden som har vorte brukt ved produksjon av prøveobjekta i denne oppgåva kan som tidlegare nemnt innehalde feilkjelder. Dersom det har vore nokon grad av skeivheit ved påføring av krefter i DMA-en, kan dette ha ført til skrellkrefter i limfuga, og dermed påverka målte resultat av skjerspenning. Med bakgrunn i teorikapittelet er det anteke at valt geometri og påførte krefter har gjeve neglisjerbar påverknad frå skrellkrefter.

I produksjonen av prøveobjekta i denne oppgåva, vart det valt å påføre lim på den saga overflata. Denne er kategorisert som ein relativt grov overflatestruktur samanlikna med til dømes høvla og pussa overflate. Tidlegare forsking har testa ut korleis ulike overflatestrukturar i tre påverkar samanbindinga mellom limfuga og trematerialet. Resultata viste at saga overflatestruktur gir sterkest binding, etterfølgt av pussa overflatestruktur og til slutt høvla overflatestruktur. I forsøket vart det brukt MUF-lim i enkel og dobbel overlapp med bøk og furu. Sidan det i denne oppgåva har vorte brukt gran, ligg det usikkerheit ved samanlikning her, men det er anteke at saga overflate vil gi tilstrekkeleg god binding. [23]

## 5.2 Termisk stabilitet

For dette delkapittelet om termisk stabilitet til MUF og PUR er resultata frå alle dei tre metodane inkludert og drøfta. Sjølv om metode 1 og metode 2 viste seg å vere ueigna i dette tilfellet, vil delar av resultata likevel verte brukt til drøfting og samanlikning med dei endelege resultata frå metode 3. Det er resultata frå metode 3 som vil ha størst betydning ved endeleg analyse og tolking av dei termiske eigenskapane til MUF og PUR i denne oppgåva. Desse vil også vere grundigare drøfta enn dei to første metodane.

### 5.2.1 Metode 1

#### Lagringsmodul og tapsfaktor

I Figur 33, Tabell 5 og Tabell 6, vert det undersøkt om det er eit samsvar mellom ein større reduksjon i  $E'$  og eit toppunkt i tan  $\delta$ . Dette for å kunne oppdage og analysere eventuelle glasovergangsområder og andre overgangfasar i limtypene. Dette gjeld for alle illustrasjonar av lagringsmodul og tapsfaktor i denne oppgåva.

Ved 3 millimeter overlapp viser resultata for MUF at stivheita minkar ved aukande temperatur som forventa. Tan  $\delta$  aukar i samsvar med reduksjonen av  $E'$ , men viser ikkje ein tydeleg topp i dette temperaturområdet. Likevel er det tydeleg at tan  $\delta$  aukar mot eit mogleg toppunkt som kan vere eit glasovergangsområde,  $T_g$ , over temperaturområdet som er brukt her. Med tanke på at MUF mistar store delar av si stivheit, er det ikkje usannsynleg at eit mogleg  $T_g$  kan oppstå. Det er observert mindre forhøgningar i tan  $\delta$  ved 160 °C og 200 °C, begge på rundt 0,13. Om dette kan vere eit teikn på glasovergangspunkt er usikkert. Samanlikna med 5 millimeter overlapp for same limtype, er desse toppane i same temperaturområdet, men ved 5 millimeter overlapp er det eitt tydeleg toppunkt her. Samtidig viser resultata at standardavviket viser relativt stor spreiing i akkurat dette området for tan  $\delta$ , så resultata er for usikre til å kunne fastsetje om dette er  $T_g$  eller ikkje.

For PUR med 3 millimeter overlapp viser figuren tydeleg samspel mellom  $E'$  og tan  $\delta$ .  $E'$  stupar samtidig som tan  $\delta$  har eit tydeleg toppunkt rundt 160 °C på 0,32 som kan tolkast som området for glasovergang,  $T_g$ .  $E'$  flatar deretter ut medan tan  $\delta$  minkar. Etter rundt 210 °C minkar  $E'$  ytterlegare og tan  $\delta$  aukar kraftig. Dette er indikasjonar på at limet går inn i

flytområdet, der limet byrjar å oppføre seg som ei væske og gå i oppløysing. Standardavviket for målinga viser også her relativt store variasjonar i målingane i visse temperaturområder.

Ved 5 millimeter overlapp viser figuren for MUF at E' stupar samtidig som tan δ får eit mogleg Tg rundt 180 °C på 0,11. Her er Tg mykje meir tydeleg enn ved MUF med 3 millimeter overlapp. Den mindre reduksjonen av Tg kan tyde på at MUF oppfører seg meir elastisk med 5 millimeter overlapp enn med 3 millimeter overlapp, og har derfor her større lagringskapasitet for påført last. Samtidig er standardavviket stort i området der toppunktet er observert. Dette kan vere ei sannsynleg forklaring på kvifor det oppstod eit tydeleg toppunkt ved 5 millimeter, men ikkje ved 3 millimeter overlapp. Ingen av prøveobjekta kom over 220 °C i dette tilfellet.

For PUR med 5 millimeter overlapp kjem det fram at tan δ stig mot eit mogleg glasovergangsområde, Tg, ved 170 °C på 0,13 medan E' minkar. Her kom ingen av prøveobjekta over 180 °C, på grunn av for stor påført kraft på prøveobjekta. Dersom dette er Tg, har verdien vorte redusert samanlikna med PUR med 3 millimeter overlapp. Dette kan sannsynlegvis føre til ein teori om at auka limareal gir reduksjon i tan δ-verdi, som vidare medfører høgare stivheit i materialet.

#### Tapsmodul

I Figur 34 og Tabell 7 vert det undersøkt om E'' får eit toppunkt i samsvar med temperaturområdet for toppunkt i tan δ og ein reduksjon av E' for å kunne definere eit eventuelt glasovergangsområde. Dette gjeld for alle illustrasjonar av tapsmodul i denne oppgåva.

For MUF med 3 millimeter overlapp er det her eit svakt toppunkt rundt 200 °C. Dette toppunktet opptrer samtidig som E' stupar i førre figur. Det er også i dette området tan δ har antyding til eit svakt Tg. Det er derfor mogleg at dette er området for glasovergang, og vidare overgang til gummifasen kor limet går inn i ein tilstand der eigenskapane kan minne om gummi og verte plastisk deformert. Kurva startar å auke igjen frå 220 °C og opp til sluttemperatur. Storleiken på standardavviket varierer, men er størst mellom 150 °C og 200 °C.

PUR med 3 millimeter overlapp viser eit toppunkt rundt 125 °C før nedstiging og utflating. Dette toppunktet er innanfor området der E' stupar og tan δ har eit mogleg Tg. Det er derfor sannsynleg at dette er glasovergangsområdet for PUR med 3 millimeter overlapp.

For MUF med 5 millimeter overlapp viser figuren eit toppunkt for E'' ved 180 °C. Også her er det relativt stor spreiing i målingane. Toppunktet for E'' samsvarar med reduksjon av E' og eit mogleg Tg i tan δ. Dette kan sannsynlegvis vere glasovergangsområdet for MUF med 5 millimeter overlapp.

PUR med 5 millimeter overlapp kan ha eit mogleg toppunkt ved 170 °C før forsøket stoppar. Dette ville sannsynlegvis ha samsvara med reduksjon i E' og mogleg Tg i tan  $\delta$ . Også her er det relativt stor spreying i målingane.

#### Skjerspenning

Figur 36 og Tabell 9 viser at skjerstyrken til prøveobjekta minkar ved aukande temperatur. I metode 1 er denne skjerspenninga den naudsynte skjerspenninga som må til for å oppretthalde den bestemte maksimale tøyingen på 20 µm. Skjerspenninga er som tidlegare nemnt eit resultat av påført kraft på prøveobjekt (sjå Figur 35 og Tabell 8) og arealet til limfuga.

MUF med 3 millimeter overlapp har gjennomsnittleg skjerstyrke på rundt 0,6 MPa ved 30 °C, og viser ein svak konstant reduksjon i skjerstyrke gjennom heile temperaturområdet. PUR med 3 millimeter overlapp har det største utslaget i dette tilfellet. Her er maksimal skjerspenning målt til 0,59 MPa ved 30 °C og minste skjerspenning 0,06 MPa ved 240 °C. Det er tydeleg at skjerstyrken reduserast betrakteleg i området rundt Tg ved 160 °C. Standardavviket viser at det er relativt stor spreying i målingane frå 70 °C og oppover.

For MUF med 5 millimeter overlapp er skjerspenninga nær konstant over heile temperaturområdet, med ein svak nedgang som tydlegare vist i tabellen. Det same gjeld for PUR med 5 millimeter overlapp.

Bortsett frå PUR med 3 millimeter overlapp, kan det ut frå figuren tolkast som at temperaturområdet som er brukt i denne metoden ikkje er optimalt med tanke på testing av skjerkapasitet til limfuga i desse prøveobjekta. Sidan det ikkje har vore mogleg å køyre testane heilt til brot verken i temperatur eller i påført kraft, har heller ikkje skjerkapasiteten vore mogleg å fastsetje. Ved påføring av høgare temperaturar og større kraft, ville resultata sannsynlegvis ha vist større utslag og dermed kunne gjort det mogleg å finne skjerspenningskapasiteten. Dette føreset sjølv sagt at prøveobjekta ikkje glir ved måling.

#### 5.2.2 Metode 2

##### Lagringsmodul og tapsfaktor

I Figur 39 og Tabell 13 viser tan  $\delta$  eit mogleg glasovergangsområde, Tg, ved 190 °C på 0,12. Dette er relativt lik verdi og i same temperaturområde som i metode 1 for tilsvarende tilfelle. E' har her ein verdi på 932 MPa, som er ein nedgang frå 959 MPa i metode 1. Dette viser som kjend prøveobjektet sin elastiske respons og evna det har til å lagre energi, samt stivheita til materialet. E' frå metode 1 viser dermed her ei noko høgare energilagringsevne og høgare stivheit ved 30 °C enn metode 2. Det kan kome av at påført kraft er noko større i metode 1 enn i metode 2 ved 30 °C. Det er framleis stor spreying i målingane ut frå standardavviket, noko som er ein av grunnane til at det vart prøvd ut ein tredje metode seinare i oppgåva.

### Tapsmodul

I Figur 40 og Tabell 14 viser E'' eit toppunkt på 87,2 MPa ved 190 °C. Dette samsvarar med Tg i tan δ og reduksjon i E', og viser derfor sannsynlegvis området for glasovergang for dette tilfellet. Det samsvarar også med toppunktet for E'' i metode 1 for tilsvarende tilfelle.

### Skjerspenning

Figur 42 og Tabell 16 viser at opptreande skjerspenning minkar ved aukande temperatur, og at skjerspenninga har ein liten nedgang frå 0,6 MPa til 0,55 MPa ved 30 °C i forhold til tilsvarende tilfelle i metode 1. I området for glasovergang, Tg, kjem det fram at skjerspenninga også her minkar betrakteleg.

## 5.2.3 Metode 3

### Lagringsmodul og tapsfaktor

Figur 45, Tabell 20 og Tabell 21 viser samsvaret mellom lagringsmodul, E', og tan δ i same temperaturområde som for dei to førre metodane.

MUF med 3 millimeter overlapp viser her, som i metode 1 og metode 2, ikkje noko tydeleg toppunkt i tan δ. Dette gir også mening med bakgrunn i teorikapittelet om at MUF er kategorisert som herdelim med høg grad av tverrbinding, og vil derfor i teorien vise små eller ingen teikn til glasovergangsområde. Det er ein svak topp ved 150 °C med verdi 0,11. I og med at det også er eit relativt stort standardavvik i akkurat dette området, kan dette vere ein årsak, og ei mogleg feilkjelde, til at dette oppstår akkurat her. Det er også mogleg at dette er eit svakt teikn på eit glasovergangsområde Tg. Med tanke på at stivheita, E', minkar i same området, er det ikkje usannsynleg å observere Tg her. Tidlegare forsøk med MUF ved bruk av DMA viser også eit svakt toppunkt i tan δ rundt 150 °C. Her vart forsøket gjennomført ved bruk av MUF i form av rein limfilm. I dette forsøket vart prøvene øydelagde ved 160 °C, så resultata er derfor noko usikre. Også her viste det seg å vere vanskeleg å måle dei viskoelastiske eigenskapane til MUF blanda i laboratorium. Dette gjeldt både for MUF i form av limfilm og som limfuge mellom tre. I studiet vart det konkludert med at den tette tverrbindingsstrukturen til MUF var årsaka til dette. [23]

Det har vorte gjennomført forsking for å undersøke forskjellane mellom eigenskapane til polymerar i form av limfilm og limfuge mellom gran. I forsøket kom det fram at dei fleste limtypane presterte relativt likt i begge formene, og at forma på prøveobjekta derfor hadde lite påverknad på resultata. MUF og ein-komponents PUR var inkludert her. [53]

MUF er som kjend karakterisert som ein sterkt tverrbunden polymer. Det er også vist til kjelder at aukande grad av tverrbinding i ein polymer fører til både lågare intensitet og auka temperatur for Tg. Dette forutset at Tg vert definert ut frå eit toppunkt i tan δ. Det er også mogleg å definere Tg ut frå toppunkt i E'' som illustrert tidlegare i Figur 17. Nøyaktig temperatur for Tg vil vere noko ulik mellom dei to metodane. [22], [35]

Ei anna mogleg tolking av den svake toppen ved 150 °C kan vere at det er teikn på sokalla beta- og gammaovergangar,  $T_\beta$  og  $T_\gamma$ , som tidlegare forklart i oppgåva. Desse kjem av små lokale rørsler i polymerkjedene.  $T_g$ , også kalla alfaovergang, kjem som kjent frå store rørsler i polymerkjedene. [24], [22]

For PUR med 3 millimeter overlapp viser tan  $\delta$  ein relativt tydeleg topp ved 180 °C på 0,15 som samsvarar med reduksjonen i  $E'$ , og dermed sannsynlegvis er  $T_g$ . Samanlikna med same tilfelle i metode 1, er  $T_g$  mindre tydeleg her. Dette er sannsynlegvis eit resultat av lågare påført kraft på prøveobjektet, som vidare fører til lågare skjerspenningar i limfuga.  $T_g$  på 0,15 er også vesentleg lågare enn i metode 1, der den var på 0,32. Verdien er nesten halvert. Dette kan sannsynlegvis sjåast som ein samanheng med at også den påførte krafta på prøveobjektet er tilnærma halvert. Også her, som for alle dei andre tilfellene av PUR, aukar tøyninga av prøveobjektet kraftig etter å ha passert  $T_g$  (sjå Figur 50 og Tabell 25). Det same gjeld forlenging og krymping av prøveobjektet i Figur 51 og Tabell 26. Etter å ha passert 225 °C aukar tan  $\delta$  kraftig, noko som kan tolkast som at PUR går inn i flytområdet. Det tydelege toppunktet i tan  $\delta$  gjer det naturleg å kople PUR til reaksjonen som også vert observert i amorse områder i polymerar. Spisse toppar som indikerer glasovergangsområde er kjenneteikn på dette. Det er også sannsynleg ut frå resultata at PUR har mindre grad av tverrbinding i strukturen samanlikna med MUF, på grunn av at PUR viser smalare og tydlegare toppar i tan  $\delta$  som indikerer  $T_g$ .

For MUF med 5 millimeter overlapp er det ikkje ein tydeleg topp i tan  $\delta$  som i metode 1. Forklaringa til den markerte toppen i metode 1 vert derfor sett på som eit resultat av dårlige målingar og resulterande stort standardavvik. I metode 3 er det her eit toppunkt for tan  $\delta$  på 0,07 ved 150 °C. Dette er 30 °C lågare enn i metode 1 for tilsvarande tilfelle, der tan  $\delta$  hadde eit tydelegare toppunkt på 0,11. Dette er ved same temperatur som ved 3 millimeter overlapp for same limtype, og kan vere teikn på  $T_g$ . Ved  $E'$  kjem det fram at 5 millimeter overlapp har høgare stivheit enn ved 3 millimeter overlapp for same limtype. Dette gir også mening på grunn av at eit større limareal sannsynlegvis vil ha betre føresetnadar til å fordele kraftene og resultere i ei sterkare limfuge.

MUF-lim viser god termisk stabilitet i dette temperaturområdet med tanke på stivheit ( $E'$ ). Ved 3 millimeter overlapp vart stivheita redusert med 33,6 %. Ved 5 millimeter overlapp var reduksjonen på 35 %. Limet har framleis relativt høg stivheit ved 240 °C. Som kjend frå teorikapittelet, vil sterkt tverrbundne polymerar av herdeplast vise ein relativt jamn og langsam reduksjon i stivheit før det ved eit punkt oppstår ein brå reduksjon.  $E'$  har likskap med illustrasjonen av stivheita for herdeplast i Figur 11 i teorikapittelet.

PUR med 5 millimeter overlapp viser her eit relativt tydeleg toppunkt i tan  $\delta$  ved 190 °C på 0,15. Dette er ei auke på 20 °C og 0,02 samanlikna med metode 1. I metode 1 vart målingane avslutta ved 180 °C, så det er noko usikkerheit knytt til om dette er det absolute  $T_g$  i det tilfellet, men det er likevel sannsynleg. Etter det antekne glasovergangsområdet aukar tan  $\delta$  kraftig, noko som kan tolkast som at PUR går inn i flytområdet. Det er tydeleg at  $E'$  her er

høgare enn ved PUR med 3 millimeter overlapp. Dette er sannsynlegvis på grunn av ulikt limareal som tidlegare forklart.

Resultata for stivheit frå utførte målingar viser at PUR-lim har betydeleg dårlegare termisk stabilitet enn MUF uavhengig av storleik på limareal. Ved 3 millimeter overlapp vert stivheita,  $E'$ , redusert med 95 % i valt temperaturområde. Ved 5 millimeter er reduksjonen på 90,4 %, sjølv om anteke glasovergangsområde,  $T_g$ , viste seg å vere høgare for PUR-lim enn for MUF-lim i resultata. Det var også tydeleg at MUF hadde minst reduksjon av dei to limtypane i metode 1 ved begge typar overlapp. Ei så stor redusering av stivheit i limfuga vil ha stor påverknad på bereevna og stabiliteten til ein limtrekonstruksjon.

#### Tapsmodul

